

nynorsk • kultursentrum



# Årsmelding og rekneskap 2002

*Ivar Aasen-tunet  
Dei Nynorske Festspela  
[www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)*

# Innhald

<b>1. Resultat</b>	3	7.2 Kulturprogram vår og haust	28
<b>2. Organisasjon</b>	4	<b>8. Kafé og butikk</b>	29
2.1 Råd	4	8.1 Kafé og utleige	29
2.2 Styre	6	8.2 Butikk	30
2.3 Administrasjon	6	8.3 Dialektspelet	30
2.4 Rekneskap og revisjon	7	<b>9. Nettstader</b>	30
2.5 Formell representasjon	7	9.1 Besøk	30
2.6 Medlemsskapar	7	9.2 Fornya nettstad	31
<b>3. Situasjonen for nynorsk skriftkultur</b>	8	9.3 Nettbiblioteket	31
3.1 Språkkløyvd norsk kultur	8	<b>10. Informasjon</b>	32
3.2 Bruk og utbreiing	9	10.1 Informasjonsplan	32
3.3 Utfordringar fram mot 2013	11	10.2 Presse og kringkasting	33
3.4 Viktige uløyste oppgåver	12	10.3 Trykksaker	33
<b>4. Mål og strategi</b>	13	10.4 Annonsering	34
4.1 Mål	13	<b>11. Besøk</b>	34
4.2 Strategi	13	11.1 Gjesteprofil	35
4.3 Ivar Aasen-instituttet	15	11.2 Opningstider	35
4.4 Andre samarbeidspartar og nettverk	15	11.3 Billettprisar	35
<b>5. Dokumentasjon</b>	16	<b>12. Bransjetendensar</b>	36
5.1 Arkiv, bibliotek og samlingar	16	<b>13. Administrasjon og miljø</b>	37
5.2 Dokumentasjon og forsking	18	13.1 Bygg og anlegg	37
5.3 Dokumentasjon av både nynorsk og bokmål	19	13.2 Teknisk drift	37
5.4 Nynorskbaset	19	13.3 Arbeidsmiljø	37
5.5 Artikkelarkivet	19	13.4 Ytre miljø	38
5.6 Publikumsservice	20	<b>14. Økonomi</b>	38
5.7 Kulturpolitisk arbeid	20	14.1 Investeringar og drift	38
5.8 Foredrag	21	14.2 Samfunnsrekneskap	39
5.9 Trykte og elektroniske skrifter	22	14.3 Sponsoravtalar	40
5.10 Fagleg representasjon	22	14.4 Vidare drift	40
5.11 Årets nynorskbrukar	23	<b>15. Disponering av resultat</b>	40
<b>6. Utstillingar</b>	24	 <b>Rekneskap</b>	41
6.1 Basisutstillinga	24	Resultatrekneskap	
6.2 Temautstillingar	24	Balanse	
6.3 Forfattarpresentasjonar	25	Revisjonsmelding	
6.4 Vandreatstillingar	25	<b>Vedlegg</b>	
6.5 Skuletilbod	26	A. Statistikk 2002	47
<b>7. Arrangement</b>	26	B. Kulturprogram 2002	48
7.1 Dei Nynorske Festspela	26	C. Dei Nynorske Festspela 2002	53

Framsida: Ally McStril på Dei Nynorske Festspela  
22.6.2002 (foto: Knut Arne Åset)



# **1. Resultat**

Nynorsk kultursentrum nådde dei måla vi sette oss for 2002, som vi også gjorde for 2001 og for 2000. Med 2002 er etableringsfasen for den nye institusjonen over. Vi har i denne fasen vist at vi leverer som føresett og som planlagt, men det har vore ein svært krevjande fase som har røynt på.

Det faglege dokumentasjonsarbeidet kom til å prege 2002. Samstundes førte vi vidare det omfattande og breie kulturprogrammet med kvalitetstilbod til svært ulike målgrupper. På kort tid har dermed det nye nasjonale dokumentasjons- og opplevingssenteret for nynorsk skriftkultur kome langt både i sitt faglege og publikumsretta arbeid.

Omsetninga auka med 14 % frå 7,8 mill. kr. i 2001 til 8,9 mill. kr. i 2002. For sjette år på rad kan Nynorsk kultursentrum leggje fram rekneskap med positivt driftsresultat. Drifta i 2002 gav eit overskot på 82 000 kr mot eit overskot på 84 000 i 2001. Eigenkapitalen er no på 386 000 kr.

19 100 personar gjesta tilboda våre i 2002, mot 18 400 i 2001. Om lag 25 % av desse var barn og unge.

Verksemda i 2002 blei prega av eit allsidig fagleg arbeid i større grad enn det som var planlagt. Vi satsa særleg mykje på å kome vidare i arbeidet med eit elektronisk, allment leksikontilbod på nynorsk. Ringstabekk skole i Bærum fekk prisen som Årets nynorskbrukar 2002.

Samlingane auka med 10 % til om lag 31 000 einingar. I 2002 tok vi til å byggje opp Artikkellarkivet i Ivar Aasen-tunet, som ved årsskiftet alt inneheld om lag 800 klipp.

I 2002 laga vi 3 nye temautstillingar, 3 forfattarpresentasjonar og hadde om lag 65 aktualitetsopplag i basisutstillinga, der det i 2002 som før om åra var noko nytt kvar einaste opningsdag. Eldre og nyare temautstillingar blei viste som vandreutstillingar på 10 stader i landet.

Dei Nynorske Festspela auka omsetninga med heile 24 % til om lag 900 000 kr. Eigeninntektene utgjorde 48 % i 2002 mot 46 % året før. Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var festspela svært vellukka, med om lag 5500 gjester og vel 300 utøvarar på 50 arrangement.

Kulturprogrammet auka omsetninga med heile 78 % til 760 000 kr. Utanom Festspela stod vi for 71 eigne kulturarrangement i 2002, mot 85 året før. Heile 700 utøvarar var involverte i desse tilstellingane. Vi gjennomførte arrangement i 10 kommunar.

Omsetninga i kafé og butikk auka med 30 % til nær 900 000 kr. Ein salsversjon av Dialektspellet blei ein økonomisk suksess og var samstundes kulturpolitisk viktig.

Vi auka salskostnadene med 25 % til 600 000 i 2002. I tillegg brukte vi ganske sikkert meir arbeidstid til informasjon og marknadsføring enn året før. Dette var viktige føresetnader for å nå måla for gjestetal og samla verksemde.

Drifta har vore ført innanfor stramme økonomiske rammer med vekt på kvalitet i alle ledd. Effektiv drift er ein føresetnad for godt fagleg arbeid. Styret har vedteke fleire plandokument: sikringsplan (47 % av norske museum hadde slik plan i 2001), innsamlings- og bevaringsplan (28 % av norske museum hadde slik plan i 2001) og dokumentasjons- og forskingsplan (22 % av norske museum hadde slik plan i 2001). Kvart år vedtek styret også marknadsplan og utstillingsplan.

Arbeidet med å etablere ein full driftsorganisasjon for ordinær drift heldt fram i 2002. Statstilskotet til drifta for dette året var akseptabelt, men på langt nær nok til å nå målet om full drift.

Styret la i arbeidet sitt særleg vekt på å utøve sin kontrollfunksjon, forvalte det overordna strategiske arbeidet, deleger avgjerdsmynde i enkeltsaker til administrasjonen, leggje grunnlaget for å gjere den nye institusjonen til ein god arbeidsplass, fremje målretta langtidsplanlegging, og sikre gode allmenne rammevilkår for verksemda.

I 2002 la vi grunnlaget for ei meir målretta satsing mot marknaden for gruppeturisme. Vi skreiv også ein samarbeidsavtale med Norges Automobilforbund i samband med fordelsprogrammet "Show your Card!" som inneber at medlemmer av denne organisasjonen og søsterorganisasjonar i Europa får rabattar ved utvalde institusjonar. Ordninga gjeld frå 1.1.2003 og vil bli tungt marknadsført overfor 23 millionar potensielle brukarar i fleire verdsdelar.

Frå opninga sommaren 2000 fram til utgangen av 2002 har Nynorsk kultursentrum hatt nær 57 000 gjester, avvikla nær 300 eigne arrangement med til saman om lag 1800 utøvarar og presentert 9 nye, eigenutvikla temautstillingar. På same tid har samlingane av bøker, skrifter, foto og tradisjonelle gjenstandar auka frå 14 500 til 31 000. Medrekna besök på nettstaden har 157 000 personar nytta tenestene våre sidan opninga i 2000.

## **2. Organisasjon**

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stiftinga med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
- Dei Nynorske Festspela
- Nettstadene [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) og [www.garborgnett.no](http://www.garborgnett.no).

### **2.1 Råd**

20 stiftarar stod bak Nynorsk kultursentrum frå skipinga i 1993 fram til opninga i 2000. Ein av stiftarane var Ivar Aasen-museet, som blei oppløyst ved opninga av Ivar Aasen-tunet. Etter vedtak i rådet 26.4.2002 og i styret ved Høgskulen i Volda blei Ivar Aasen-instituttet teken opp som stiftar med fulle rettar. Det er dermed 20 stiftarar.

Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

- Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet.
- Vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men ikkje som bindande pålegg til styret.
- Oppnemne to styremedlemmer med varamedlemmer til styret i Nynorsk kultursentrum.
- Gjere framlegg til styret om val av revisor for Nynorsk kultursentrum.

Kvar stiftar oppnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum. Rådet hadde desse medlemmene i 2002 (varamedlemmer i parentes):

#### *Kommunar og fylkeskommunar*

- Hordaland fylkeskommune: Magnar Lussand (Mali Grete N. Aksnes)
- Møre og Romsdal fylkeskommune: Jan Magne Dahle (Aud Folkestad)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune: Else Kristine Husabø (Lidvin M. Osland)
- Volda kommune: Gunnar Strøm (Ingeborg Lyngnes Dahle)
- Ørsta kommune: Ola Perry Saure (Thor Nordang)

#### *Forsknings- og utdanningsinstitusjonar*

- Ivar Aasen-instituttet: Odd Monsson / Stephen J. Walton (Sveinung Vaage)
- Høgskulen i Volda: Torbjørn Urke (Bjarte Alme)
- Møreforsking: Johan Barstad (Reidun Høydal)
- Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (Olav Aasen)
- Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet: Ola Stemshaug (Gunnar Foss)
- Universitetet i Bergen: Oddvar Nes (Jan Oldervoll)
- Universitetet i Oslo: Dagfinn Worren (Margit Harsson)
- Universitetet i Tromsø: Eirik Liland (Gulbrand Alhaug)

#### *Kulturinstitusjonar*

- Det Norske Samlaget: Jostein Nerbøvik / Svenn Fosseng (Eli Fiskvik)
- Det Norske Teatret: Ola E. Bø (Kristin Eikli)
- Sunnmøre Museum: Edvard Molvær (Solveig Linge Stakkestad)

#### *Målrørsle*

- Noregs Mållag: Grete Riise (Steinulf Tungesvik)
- Noregs Ungdomslag: Yngve Vadstein (Hallvard Julseth)
- Landssamanslutninga av nynorskkommunar: Nils Taklo (Vidar Høviskeland)
- Vestmannalaget: Svein E. Kvamsdal (Kjell Inge Bjørke)

Ordførar i rådet var Grete Riise. Ottar Grepstad var sekretær.

Rådet hadde 2 møte og handsama i alt 16 saker, mot 9 året før. Dei viktigaste sakene var nynorsk skriftkultur som forskingsobjekt, den nye kulturmeldinga og langtidsplan for Dei Nynorske Festspela.

## 2.2 Styre

Styret i Nynorsk kultursentrum har sju medlemmer med personlege varamedlemmer. Staten v/Kulturdepartementet oppnemner fire av styremedlemmene, rådet vel to, mens ein av medlemmene blir vald av dei tilsette. Desse sat i styret i 2002 (personlege varamedlemmer i parentes):

### *Oppnemnde av Kulturdepartementet*

*2002 – 2005*

1. Kari Bjørke, Oslo, leiar (Marie Morken, Bergen)
2. Kristine Landmark, Ålesund (Arvid Blindheim, Molde)

*2000 – 2003*

3. Geir Atle Ersland, nestleiar, Bergen (Jens Kåre Engeset, Ørsta, observatør med møterett)
4. Olaug Husabø, Tromsø (Per Olav Kaldestad, Stord)

### *Valde av rådet (2002 – 2005)*

- Margit Walsø, Oslo (Bente Vatne, Ørsta)
- Kristian I. Hanto, Bø (Jan Olav Fretland, Lærdal)

### *Vald av dei tilsette (2002 – 2003)*

- Torgeir Dimmen (Kirsti Langstøy)

Rådsordførar Grete Riise møtte som observatør på møta.

Styret hadde 4 møte og handsama i alt 62 saker, mot 65 året før. Dei viktigaste sakene var rekneskap, budsjett, årsmelding, dokumentasjons- og forskingsplan, informasjonsplan, vidare utvikling av driftsorganisasjonen.

På eit første felles styremøte mellom Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum i Oslo 7.10. deltok Kari Bjørke, Geir Atle Ersland, Kristian Hanto, Margit Walsø og Ottar Grepstad.

## 2.3 Administrasjon

I 2002 hadde Nynorsk kultursentrum arbeidsavtale med 21 medarbeidarar, mot 26 året før. Desse utførte om lag 12,5 årsverk mot 10,8 året før.

Desse 10 var fast tilsette i Nynorsk kultursentrum:

- Torgeir Dimmen, informasjonsleiar
- Ottar Grepstad, direktør
- Eirik Helleve, formidlingsleiar (til 31.8.), dokumentasjonsleiar (frå 1.9.)
- Knut-Johann Jørgensen, driftsleiar
- Kirsti Langstøy, bibliotekleiar

- Marit Neergaard, omvisar og tunassistent (30.5.–18.8), formidlingsleiar (frå 14.10.)
- Ingrid I. Opedal, tunvert
- Randi Saure, kjøkkenleiar 72 %
- Janne Karin Støylen, programansvarleg
- Annvor Ullaland, administrasjonssekretær (til 2.7.)  
Desse 11 var deltidstilsette:
- Milan Ilic, kokk (avløysar)
- Ann-Elin Brekke, vikar sekretær (til 31.1.)
- Oddmund L. Hoel, rådgivar engasjement (1.9.–31.12.)
- Frode Hustad, praksisplass Datakortet (22.4.–5.7.), vikar kokk (8.–14.7.)
- Beate Langeland Mork, tunassistent og vikar sekretær
- Anne-Mette Myklebust, tunassistent
- Katrine H. Nalum, praksisplass informasjonsstudiet (20.2.–19.4.)
- Trude Nordal, sommarvikar (17.6 – 16.8.)
- Idun Alma Torvik Ramsdal, tunassistent (til 18.8.)
- Solveig Skrede, tunassistent (til 18.8.)
- Vendel Ulstein, arbeid med støtte (32 %)

I eit kort tidsrom var også Tone Slenes ekstrahjelp.

Deltidstilsette utførte om lag 4150 timeverk i 2002, mot 3850 året før.

## 2.4 Rekneskap og revisjon

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var statsautorisert revisor Arvid Hovden.

## 2.5 Formell representasjon

- Fagrådet for Ivar Aasen-instituttet: Sigrid Bø Grønstøl
- Forum for nasjonale museum: Ottar Grepstad
- Nynorsk forum: Ottar Grepstad (leiar)
- Musea i Møre og Romsdal (MIMR): Eirik Helleve (sekretær)
- Nynorsk inn i IKT-opplæringa (NIO): Ottar Grepstad (medlem kontaktgruppe)

## 2.6 Medlemskapar

Nynorsk kultursentrum var i 2002 medlem av desse institusjonane:

- BIBSYS
- Musea i Møre og Romsdal (MIMR)
- Norges museumsforbund
- Norsk KulturhusNettverk (NKN)
- UNINETT
- Ørsta reiselivslag

### 3. Situasjonen for nynorsk skriftkultur

Den viktigaste endringa for nynorskbrukarane i 2002 var at eit årelangt arbeid frå mange hald for nynorskversjonar av mykje brukte dataprogram no gav resultat. Både det Linux-baserte programpakken OpenOffice og den Windows-baserte Office-pakken vil kome på nynorsk i 2003. Dette året kom også ein sterkt utvida redaksjon for Norsk Ordbok på plass med siktet på å slutføre verket til 2014.

#### 3.1 Språkkloyvd norsk kultur

Nynorsk er meir enn eit språk. Nynorsk er ikkje berre ein skriftkode og ein variant av norsk, nynorsk er òg ein heil skriftkultur som har fått sitt kulturelle sær preg gjennom 150 års bruk og utvikling. Nynorsk og bokmål er utgangspunktet for kvar sin skriftkultur som har levd gjennom eit langvarig motsetnadsforhold og stått mot kvarandre på fleire punkt: talemålsgrunnlag, nasjonalt utgangspunkt, sosiokulturelt ankerfeste, geografisk utbreiing, talet på brukarar, allmennpolitisk grunnlag m.m. Og ikkje minst er nynorsk skriftkultur prega av å heile tida å ha stått i ein mindretalsposisjon i Noreg. Når ein med omgrepet *målform* talar om nynorsk og bokmål som to ulike *former* av *eitt språk*, 'norsk', står ein i fare for å underkommunisere at det også er to ulike *skriftkulturar* ein snakkar om innanfor den språkkloyvde norske kulturen.

Både blant målfolk og mange nynorskbrukarar er der tendensar til ein kollektiv identitet. Graden av identifisering varierer, frå organiserte målfolk til meir eller mindre tilfeldige nynorskbrukarar, men den som bruker nynorsk, må avklare sitt eige forhold til dette språket og den skriftkulturen som er blitt bygd opp kring dette språket. Generelt trengst det meir kunnskapsbasert argumentasjon om og for nynorsk.

Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg, men eit stort skriftspråk i verda. Nynorsken skil seg frå så godt som alle andre språk som blir brukte av eit mindretal på eit svært vesentleg punkt: Det finst så mange institusjonar og organisasjonar som sikrar kontinuitet og systematisk vidareutvikling av den nynorske skriftkulturen. På mange område står kanskje den nynorske skriftkulturen svakare enn midt på 1900-talet. Men denne skriftkulturen er no meir integrert i det norske samfunnet enn tidlegare.

Institusjonane si rolle endrar seg i samfunnet, men vi kjem ikkje bort frå at det trengst tunge, institusjonelle reformer også i framtida. Desse reformene må særleg ta siktet på å halde ved like og styrke bruken av nynorsk i dei såkalla kjerneområda, slik at nynorsken kan halde på det fotfestet den har fått, og dei må ta siktet på å halde oppe og styrke statusen og bruken til nynorsk på nasjonalt plan for å halde oppe nynorsk som reelt nasjonalmål. Berre institusjonar med nynorsk skriftkultur som øyremerkta oppgåve vil systematisk følgje opp dei språk- og kulturpolitiske forpliktingane over tid og styrke denne skriftkulturen.

Kvart tiår har hatt sine store kulturpolitiske reformer til fordel for nynorsk skriftkultur. I 1980-åra var nybygget til Det Norske Teatret ei slik reform, liksom

realiseringa av Ivar Aasen-tunet var det i 1990-åra. Det er brei semje i nynorskmiljøa om at eit allment Internett-leksikon på nynorsk er det viktigaste nye institusjonelle tiltaket fram mot 2005.

Nynorsk kultursentrum legg vekt på å ta initiativ som kan prege utviklinga av nynorsk skriftkultur og den praktiske situasjonen for nynorskbrukarane. Alt arbeid blir utført i nær kontakt med andre nynorskinstitusjonar.

### 3.2 Bruk og utbreiing

Tilstanden for den nynorske skriftkulturen er stabil, men krevjande.

Stoda for nynorsk i det norske samfunnet i dag kan truleg oppsummerast med at språket aldri har stått så sterkt som i dag. Tilstanden er prega av stabilitet. Det kan synast rart når ein veit at nynorskbrukarane sin prosentdel av det norske folket er halvert sidan krigen og den geografiske utbreiinga har gått kraftig tilbake i det same tidsrommet. Men det nynorsken har tapt i ei relativt overflatisk utbreiing, har han teke att på fleire felt:

- Nynorsk har i aukande grad blitt eit *landsdelsspråk* for Vestlandet. I 1947 budde 56 % av nynorskelevane i vestlandsfylka, i 1967 hadde dette talet auka til 75 %, og i 2001 budde 86 % av nynorskelevane på Vestlandet. Tilbakegangen etter krigen har særleg råka Trøndelag, Nord-Noreg og Agder.
- Nynorsk har fått eit langt *sterkare fotfeste i dei stroka der han blir mykje brukt*, og den språklege tyngdekrafta verkar i mange nynorskkommunar til fordel for nynorsken. Det har ein t.d. sett den siste generasjonen ved at stadig fleire lokale bedrifter har teke i bruk nynorsk.
- Nynorsk har fått eit *mykje sterkare institusjonelt rotfeste* i det offisielle Noreg: skuleverk, offentleg forvaltning, radio og fjernsyn, kunst og litteratur, akademisk liv osb. Språkkloyvinga er institusjonalisert i lovgjevinga, og det er etablert støtteordningar som er svært viktige for nynorsk skriftkultur, som parallellutgåvestøtta til lærebøker, innkjøpsordninga for skjønnlitteratur og ikkje minst pressestøtta.
- Mange *fleire nordmenn møter nynorsk i kvardagen* no enn tidlegare, og nynorsken har etter kvart fått ein lite omstridd og sjølvsagt plass i det norske samfunnet jamfört med stoda for berre ein generasjon sidan. Det ser ein tydeleg ved at knapt nokon lenger reagerer på at programleiarar på svært sentrale sendeflater i radio og fjernsyn nyttar nynorsk, eller at fjernsynsprogram blir teksta på nynorsk.
- Fleire undersøkingar syner at det er *om lag like mange kvinner som menn bland nynorskbrukarane*. Tradisjonelt har menn dominert i dei framskotne posisjonane i målrørsla og nynorskinstitusjonar, men dette har endra seg vesentleg til kvinnene sin fordel dei siste tiåra.

Den posisjonen nynorsk skriftkultur har no, kan sjåast som resultatet av spenningane mellom det sterke regionaliseringa av nynorsk som kvardagsspråk og den sterke nasjonale institusjonaliseringa av denne skriftkulturen. Der er store variasjonar i bruk og utbreiing:

- *Om lag 600 000 nynorskbrukarar:* Hausten 2000 gjennomførte Norsk Gallup på oppdrag frå Riksmålsforbundet ei granskning der 4077 nordmenn blei spurde om dei brukte nynorsk eller bokmål eller begge målformer like mykje i private samanhengar. 8,5 % svarte nynorsk og 5,3 % begge målformer like mykje. Dei siste er truleg i stor grad nynorskbrukarar som har flytta til bokmålskommunar og difor vekslar på. Samla utgjer dei som brukar nynorsk 13,8 %. Dette svarar til vel 600 000 nynorskbrukarar i Noreg.
- *Kommunar:* 116 (27 %) av dei 434 norske kommunane har gjort vedtak nynorsk som administrasjonsspråk. 162 (37 %) har gjort vedtak om bokmål, medan 156 (36 %) er nøytrale. Dei fleste 'nøytrale' er i praksis bokmålskommunar, men med nokre viktige unntak, som Odda og Hol.
- *Fylke:* 92 av nynorskkommunane ligg i vestlandsfylka, som alle har nynorsk som fleirtalsmålform (nynorskvedtak i eit fleirtal av kommunane). Desse fire fylka har dermed nynorsk som administrasjonsspråk i høve til staten.
- *Byar:* Sogn og Fjordane er det einaste fylket der 100 % av kommunane har valt nynorsk. I dei andre fylka er münsteret at byane har gjort vedtak om bokmål (Stavanger, Haugesund, Kristiansund) eller er nøytrale (Bergen, Ålesund, Molde) og i praksis er bokmålskommunar.
- *Grunnskulen:* Skuleåret 2000–01 hadde 15 % (89 000) grunnskuleelevar nynorsk som hovudmål. I dei fire vestlandsfylka har 46 % av elevane nynorsk som hovudmål, og i desse fire fylka finn ein 86 % av alle nynorskelevane i landet. Sogn og Fjordane er det einaste fylket der nynorsk er bortimot einerådande i grunnskulen (96 % av elevane). På andre plass kjem Møre og Romsdal med 56 % nynorsk.
- *Arbeidsliv:* Det bur over 200 000 arbeidstakarar i kommunane med nynorsk tenestemål, og det er over 21 000 verksemder i desse kommunane. Som arbeidsgivarar står kommunane og fylkeskommunane med nynorsk tenestemål ansvarlege for meir enn 34 000 årsverk, og dei har ei årleg omsetning på i overkant av 22 milliardar kroner (1998-tal).
- *Presse:* Av 208 aviser i Norske Avisers Landsforbund og/eller Landslaget for lokalaviser blir 49 (24 %) redigerte på nynorsk og 21 på begge målformer. Nynorskavisene er likevel gjennomgåande mindre enn bokmålsavisene, og nynorskavisene stod for vel 6 % av nettoopplaget medan dei språkkløyvde avisene stod for 5 % (1997-tal).
- *Arkiv, bibliotek og museum:* Nynorsk kultursentrum arbeider med å kartlegge ABM-institusjonar som bruker nynorsk i administrasjon, formidling og marknadsføring. Dette arbeidet vil bli avslutta før sommaren 2003. Så langt tyder materialet på at det finst over 300 slike institusjonar.

### 3.3 Utfordringar fram mot 2013

200-årsjubileet for Ivar Aasens fødsel i 2013 opnar for heilt andre perspektiv enn markeringa av hundreårsmilnet for hans død i 1996. Språk- og kulturpolitisk vil difor 2013 vere eit viktig skilje for nynorsk skriftkultur.

Historia har resultert i at det norske samfunnet er kløyvt i to skriftkulturar der både språkgrupper både ut frå vanlege rettferdsprinsipp og moderne internasjonal språkrettstenking har krav på å få bruke og utvikle sitt språk. I praksis må dette først og fremst formast ut i ein politikk som står opp om den veikaste parten, nynorsken. Dette prinsippet ligg då òg til grunn for norsk språklovgiving.

Samstundes må både skriftkulturar tilkjennast ein rett til å kjempe vidare for *sitt* syn. Målstriden har vore avgjerande for den språklege vitaliteten i Noreg, og ein kan i dag spørje om språkfredspolitikken dei siste 30–40 åra har teke bort noko av denne vitaliteten. Eit utslag er at språk og språkpolitikk i mindre grad er noko som får politisk merksemd og ikkje står høgt opp på lista over det dei politiske partia er opptekne av. Det er truleg ei av dei viktigaste forklaringane på at det så langt ikkje er etablert eit kraftfullt forsvar mot angloamerikansk språkverknad i Noreg. Offisiell norsk språkpolitikk bør gå ut frå at det ikkje nødvendigvis er noko gale i å kjempe for språket sitt, men at det må stå sentralt å sikre like tevlevilkår og å demme opp for uheldig språkleg maktbruk overfor den veikaste parten.

Både bokmål og nynorsk kan kome under stadig sterkare press frå angloamerikansk språk. Vi kan alt registrere eit urovekkjande domenetap innanfor dei internasjonalt orienterte delane av norsk næringsliv, forsking, IKT og delar av kultur- og underhaldningsbransjen. Som fleire lenge har peika på, vil domenetapet til engelsk i første omgang skje på dei nemnde områda der bokmålet er einerådande eller sterkt dominerande. På kort sikt kan såleis nynorsken kome styrka ut av eit auka press frå engelsk i høve til bokmål.

Mange av problema i dag vil truleg bli forsterka i det komande tiåret, og nye store utfordringar vil kome til. Desse utfordringane kan i prinsippet delast i to: Dei som gjeld heile det norske språksamfunnet (både bokmål og nynorsk), og dei som gjeld nynorsk åleine. Der er fleire trugande utviklingsdrag som rettar seg meir einsidig mot nynorsk, som den veikaste parten:

- *Marknadsmakt og kommersialisering avløyser offentleg styring:* Nynorsk skriftkultur har som regel blitt taparen når ein fri marknad gir den sterkeste rett. Nynorsk har tilsvarende vore avhengig av å få eit pusterom gjennom politiske verkemiddel som lovgiving og, i ein viss grad, økonomisk støtte. Dette er ikkje noko eineståande for nynorsk. Det er regelen heller enn unntaket at nasjonalspråk som blir utsette for press, blir styrkte gjennom politiske tiltak. Vernet av fransk språk er eit godt døme på at dette også gjeld språksamfunn som er mykje større enn vårt. Pressestøtta er eit godt norsk døme på ei støtteordning som ikkje er språkpolitisk grunngitt, men som i sum er viktigare for nynorsk som mediespråk enn for bokmål som mediespråk. I den grad denne typen generelle

støtteordningar blir avvikla, vil det difor oftare vere til større skade for nynorsk enn bokmål.

- *Sentralisering*: Bokmål dominerer i dei største byane og på det sentrale Austlandet, og sentraliseringa på dei aller fleste områda i det norske samfunnet fører til at det er bokmålsområda som styrkjer seg på kostnad av nynorskområda, som i større grad er spreiddbygde. Auka mobilitet motverkar til ein viss grad dette.
- *Domeneproblem*: Nynorsk står framleis svakt på ei rad viktige samfunnsfelt der språket tradisjonelt har hatt dårlig fotfeste. Innanfor kultursektoren gjeld det sentrale felt som dei største riksavisene, veke- og fagpressa, filmindustrien og det meste av underhaldningsindustrien, ikkje minst den som er retta mot born og unge. Samanlikna med tradisjonane innanfor trykkmedium, radio og fjernsyn er fråværet av nynorsk i norsk film så påfallande at det kallar på tiltak.
- *Små nynorskinstitasjonar*: Alle institusjonar som har som ein del av føremålet å arbeide for nynorsk, er små (med unntak av Det Norske Teatret) og utan tilgang til privat kapital. Dei har dermed dårlige føresetnader for å møte ein situasjon med hardare tevling mot kommersielle bokmålsaktørar på sine felt. Alle tunge nysatsingar i desse institusjonane er avhengige av offentleg finansiering og politisk velvilje. Det gjeld truleg også for arkiv, bibliotek og museum. Også her er dei fleste institusjonane og miljøa med nynorsktilknyting små og lite profesjonelle.

### 3.4 Viktige uløyste oppgåver

Den nynorske skriftkulturen treng nye tiltak for å tryggje og styrkje sin eigen posisjon. Slike nyvinningar må ikkje gå på kostnad av etablerte institusjonar og ordningar som er velfungerande og som har vist seg å vere føremålstenlege, så som Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret. Både ein del generelle støtteordningar og meir selektive tiltak må haldast oppe og styrkjast, viss det skal gi mening å tale om at begge dei norske skriftspråka skal haldast i hevd. Blant dei mange uløyste oppgåvene vil Nynorsk kultursentrums særleg peike på desse:

1. Allment Internett-leksikon på nynorsk
2. Språkleg jamstelling også innanfor IKT
3. Betre sidemålsundervisning
4. Auka løyvingar til allmenne støtteordningar som har særskilt mykje å seie for nynorsk skriftkultur
5. Ny og offensiv giv for nynorsk målbruk i staten
6. Fornya og forsterka Norsk språkråd

## **4. Mål og strategi**

### **4.1 Mål**

Nynorsk kultursentrum arbeider for desse måla:

1. Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
2. Styrke den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
3. Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

Grunnlaget for å nå desse måla er ei tredelt verksemد:

- *Ivar Aasen-tunet* er eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevelingssenter for nynorsk skriftkultur som inkluderer det truleg eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet, frå 1897. Aasen-tunet skal vere ein offentleg arena for norsk kultur generelt og nynorsk kultur spesielt i alle former, vend mot breie og ulike målgrupper, og vere hovudarena for Dei Nynorske Festspela.
- *Dei Nynorske Festspela* er ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med dei beste forfattarane, den gode musikken og dei uventa bileta, og ei brei kulturtildeling for å fremje den nynorske skriftkulturen. I åra 2001–2003 vil vi endre og fornye festspela og gjennomføre ein moderat ekspansjon.
- [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) skal vere den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur, med Nettbiblioteket som den eine av to stolpar i eit allment Internett-leksikon på nynorsk.

Nynorsk kultursentrum arbeider for ei allmenn styrking av nynorsk skriftkultur, utvikling av moderne museumsfunksjonar i eit ikt-basert dokumentasjonssenter, og drift av eit allsidig kulturbygg med eit vidt arbeidsfelt: dokumentasjon, utstillingar, arrangement, kafé og butikk, og informasjon (jf. kap. 5 – 10). Dette føreset eit målretta samspel mellom museums-, utstillings-, språkfagleg, kulturfagleg og publikumsorientert kompetanse.

I treårsperioden 2001–2003 legg vi særleg vekt på å sikre den nasjonale kulturinstitusjonen lokalt fotfeste, nasjonal tyngd og internasjonale nettverk.

### **4.2 Strategi**

Åra 1999 – 2002 var etableringsfasen for den nasjonale kulturinstitusjonen Ivar Aasen-tunet. I denne fasen la vi vekt på å effektuere det vedtaket Stortinget gjorde hausten 1995. Det står no att éi stilling før vi er der. Frå 2003 går vi likevel over i ein konsolideringsfase.

Ivar Aasen-tunet er eit moderne museum med svært vide dokumentasjons- og formidlingsoppgåver, og ein arena for viktige hendingar, tiltak og kunstopplevelingar innanfor nynorsk skriftkultur. Institusjonen ber i seg dei viktigaste fellestrekka for museum, arkiv, bibliotek:

- Forvalting av materiale som informasjons- og kjeldegrunnlag
- Systematisk dokumentasjon
- Utoverretta informasjonsbehandling

- Sterke og til dels formelle bindingar til utdanning og forsking
- Brukarorientert formidling ut frå folkeopplysingsideologien

Ein del av arbeidet kan følgje dei langsiktige prioriteringane, men vi er også budde til å ta opp eller gå inn i aktuelle saker som inneber at tidlegare prioriteringar må endrast.

Ivar Aasen-tunet som opplevingssenter omfattar både utstillingar, kulturprogram, festspel, butikk og kafé. I verksemda vår er det likevel ikkje eit skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleving. Innhaldet i publikumstilbodet kan ikkje berre målast i publikumstal. Det er også viktig at arrangement, utstillingar og tilbodet i kafé og butikk er av høg kvalitet. Mange av arrangementa våre hadde ikkje blitt til om ikkje vi hadde skipa dei til, og det kunstnarlege nivået på tilskipingane er jamt over høgt. Vi legg vekt på å skipe til både arrangement og utstillingar som har gjenbruksverdi, slik at dei kjem til nytte i det vidare faglege arbeidet.

Ivar Aasen-tunet som dokumentasjonssenter har to hovudoppgåver: Sørgje for at viktig dokumentasjon blir tatt vare på og bevart for framtida, og sørgje for at viktig dokumentasjon blir aktivisert og teken inn i kulturskapande verksemd. Dette dokumentasjonssenteret vil ha eit digitalt tyngdepunkt i nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) som blir gradvis bygt ut i åra 2002 – 2004. Nettstaden vil ha svært mykje å seie for rolla til Nynorsk kultursentrums som ein viktig *nasjonal* dokumentasjonsinstitusjon. Publisering av ulike typar tekstar vil prege nettstaden:

- Nøkkletekstar frå den nynorske skriftkulturens historie, både sakprosa og skjønnlitteratur
- Spesialskrivne artiklar om sentrale emne innanfor nynorsk skriftkultur
- Basistekstar på fleire språk om Ivar Aasen og nynorsk
- Talar, artiklar og nyheitsstoff frå eiga verksem

Nynorsk kultursentrums vil spele ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmaktene. I dette ligg at vi vil vere ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og på vår måte kritisk og konstruktivt vere med og styrke den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelta våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Staten kan på si side ikkje påleggje institusjonen å gjennomføre bestemte tiltak innanfor norsk språkpolitikk. Derimot kan og vil Nynorsk kultursentrums stille sin kompetanse til rådvelde for tiltak som kan styrke nynorsk skriftkultur.

Kvalitet skal vere eit særmerke for all verksemd i regi av Nynorsk kultursentrums.

Nynorsk kultursentrums ønskjer å vere førstevallet for planlegging og organisering av nynorske markeringsår gjennom nært samarbeid som størt opp under lokale initiativ.

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Nynorsk kultursentrums legg sterkt vekt på samarbeid og samordning med både den

organiserte målrørsla og sentrale nynorskinstitusjonar om oppgåver som kan gi resultat.

#### 4.3 Ivar Aasen-instituttet

Ivar Aasen-instituttet vil vere ein viktig fagleg samarbeidspart for Nynorsk kultursentrums. Innanfor rammene av samarbeidsavtalen 2001 – 2002 mellom Ivar Aasen-instituttet og Nynorsk kultursentrum gjennomførte vi fleire samarbeidstiltak i 2002, med eit seminar om filosofi på nynorsk under Festspela som det viktigaste. Mastergradsstudentane i nynorsk skriftkultur frå hausten 2002 blir eit viktig kontaktpunkt for oss. Nynorsk kultursentrum gjorde sitt for å få fram ein søknad om eit større forskingsprosjekt til Noregs forskingsråd i instituttet sin regi. Denne søknaden gav utteljing for eit svært viktig prosjekt om den nynorske skriftkulturens historie som kjem i gang frå hausten 2003.

#### 4.4 Andre samarbeidspartar og nettverk

Nynorsk kultursentrum representerer ein total ABM-institusjon som både er konsolidert og som alt er involvert i fleire viktige nettverk. Vi driv både arkiv, bibliotek og museum. Vi blei ei konsolidert eining alt i 2000 då vi tok over ansvaret for det truleg eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet. Vi har vore med i ulike nettverk like sidan 1997. Til no har vi avgrensa arbeidet i den såkalla ABM-prosessen til nærbidrag til arbeidet i Møre og Romsdal, men utover i 2002 engasjerte vi oss også meir i det nasjonale arbeidet. Kontakten med andre museum som Sverre Fehn har vore arkitekt for, blei utvikla vidare i 2002.

Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk. I 2002 var dette dei viktigaste: Nynorsk Forum, Forum for nasjonale museer, Norsk KulturhusNettverk og Litterære museum i Norden.

Nynorsk kultursentrum vil utvikle Dei Nynorske Festspela gjennom samarbeid med andre festivalar, både på Nordvestlandet og i andre delar av landet. Etter kvart blir dette nettverket utvida til andre land. Dei fleste norske festivalane er musikkfestivalar, og for ein litteratur- og musikkfestival som Dei Nynorske Festspela er det difor viktig å søkje samarbeid som kan vere til nytte for begge partar.

Partnerskapsavtalen med klasse 8D ved Ørsta ungdomsskule frå 2001 heldt fram på andre året, no som klasse 9D. Hausten 2002 samarbeidde vi med klassen om å lage ei SMS-ordbok. Boka blei lansert på eit arrangement i Aasen-tunet i oktober, og er så langt trykt i 2 opplag på til saman 220 eksemplar. Begge opplaga er selde.

## 5. Dokumentasjon

Med den utoverretta profilen til Ivar Aasen-tunet er det kunstig å skilje skarpt mellom formidling, oppleving og fagleg arbeid. Alle tilsette utfører fagleg arbeid. Meir gjennom fagleg arbeid og temautstillingar enn gjennom kulturprogrammet kan Nynorsk kultursentrum spele ei rolle nasjonalt og internasjonalt. Den spisskompetansen på dokumentasjon av nynorsk skriftkultur som skal vere vårt varemerke, blei utvida vesentleg i 2002. Nynorsk kultursentrum er i ferd med å bli eit kvalitetsargument.

### 5.1 Arkiv, bibliotek og samlingar

Gjennom året auka samlingane med totalt 2931 titlar frå 27 801 i 2001 til 30732 i 2002. Omgrepene *titlar* dekkjer både enkeltbøker, verk som inneheld fleire band, tidsskrift, originaldokument og enkeltgjenstandar. Av desse samlingane var 3755 titlar tilfredsstillande registrerte ved utgangen av året, dvs. 12 % av samlingane, mot 2 % i 2001.

Samlingane femner om både kulturhistoriske gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Tilveksten av kulturhistoriske gjenstandar var på 2830 titlar, for det meste i form av trykte skrifter og AV-media (CD-ROM, musikk-CD-ar og lydbøker på CD) og registrering av delar av samlingane. Talet på kunsthistoriske gjenstandar og fotografi auka med 101 titlar. Mest heile denne auken skriv seg frå ei samling fotografi som er under oppbygging, og som ved årsskiftet inneheld 672 fotografi, mest digitale foto av bygningar og utstillingar og frå verksemda i Aasen-tunet.

Biblioteket kjøpte i 2002 inn 265 bøker og skrifter og 18 musikk- og lydbok-CD-ar, mot 249 og 32 i 2001. Biblioteket abonnerte på 45 tidsskrift og årbøker, som i 2001. Frå lokale bibliotek, Nasjonalbibliotekets gjenbruksbase, privatpersonar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk Nynorsk kultursentrum dette året 174 bøker, skrifter, tidsskriftårgangar og musikk-CD-ar i gåve.

Vi hadde ingen tilvekst av tradisjonelle gjenstandar, men tok over ein del arkivmateriale av og om Anders Hovden som Jens Kåre Engeset nytta i arbeidet med Anders Hovden-biografien. Materialet femner om m.a. brev, foto, handskrifter og avisklipp, men er førebels ikkje registrert.

Biblioteket hadde totalt 85 *utlån* i 2002. Dette var første året med statistikk over utlån. Utlånet omfatta utlån til dei tilsette frå eigne samlingar og utlån av litteratur innlånt frå andre bibliotek. Det blei tinga og motteke 54 *innlån* frå andre bibliotek dette året. Frå andre bibliotek kom det 3 tingingar på kopiar frå samlingane. Talet på tingingar frå og utlån til andre bibliotek vil framleis vere lågt fordi vi inntil vidare ikkje lårer ut noko frå samlingane våre.

Samlingane i Ivar Aasen-tunet er sett saman av eigne kjøp, gåver og fleire større delsamlingar. Dei viktigaste av desse er:

- Ivar Aasen-samlinga: 225 gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter.

- Reidar Djupedal-samlinga: om lag 16 000 titlar (medrekna vel 2200 særprent, småtrykk og periodika), 218 originale Aasen-dokument og om lag 22 kartongar med avisklipp.
- Sivert Aarflot-arkivet: over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, m.a. mange Aasen-dokument. Arkivet er deponert av Sivert Aarflot-museet, i første omgang fram til 2005.
- Delar av Norsk boksamling, gjerne kalla Anton Aure-samlinga: om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt etter 1935, og 2200 årgangar av 146 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget, i første omgang fram til 2010. Vi reknar med å kunne ta imot resten av Aure-samlinga i 2005 eller 2006.
- Noregs Mållag sitt avisklipparkiv frå 1983 til dags dato: 155 kassettar og permar. Samlinga blir supplert jamleg av Noregs Mållag.

Av plassgrunnar fører Nynorsk kultursentrum ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for større bokgåver og arkivmateriale. Kvart år får vi tilbod vi må takke nei til. Blant gåvene i 2002 nemner vi særskilt:

- I høve lanseringa av Engesets Hovden-biografi i april 2002 fekk vi 66 bøker av Anders Hovden, Anders A. Hovden og Øystein Hovden i gave frå Rangdi Unn Hovden, barnebarn av Anders Hovden. Fleire av bøkene var Anders Hovdens private eksemplar. Vi fekk også 100 eksemplar til sal i butikken av den annoterte bibliografien *"Fraa far din" : Anders Hovden (1860-1943) : en boksamling*, 2002 av Rangdi Unn Hovden.
- Sommaren 2002 fekk vi 22 kartongar med avisklipp samla av Reidar Djupedal som Aksel Hånes hadde teke vare på. Avisklippa er førebels ikkje registrerte.

Talet på titlar gir avgrensa informasjon om kor store samlingane er fysisk. Vi bruker difor i nokre samanhengar også omgrepene *band/eksemplar*, der vi til dømes tel med enkelteksemplar av særprent, enkeltårgangar av aviser, tidsskriftnummer m.m. I 2002 registrerte vi særprent, småtrykk og periodika i Aure- og Djupedal-samlingane. Desse delane av samlingane har ikkje vore kartlagde før og utgjer om lag 10 000 band/eksemplar. Registreringsarbeidet gav ein tilvekst til dei kulturhistoriske samlingane på 2373 titlar.

To tredelar av Aure-samlinga etter 1935 blei i 2002 pakka ut og plassert i hyllene. Resten kan ikkje pakkast ut før ein større del av Djupedal-samlinga blir registrert og plassert ute i biblioteket.

Vi legg stor vekt på å sikre institusjonen gode nok rammevilkår til at dei store samlingane våre kan gjerast tilgjengelege for publikum, forskrarar og tilsette. Utan ekstern finansiering vil det ta minst ti år før samlingane er registrerte.

Arbeidet med å registrere bøker og tidsskrift i BIBSYS tok til i 2001.

Systemet blei teke i bruk i samband med tinging, mottak og katalogisering av nye bøker og tidsskrift. I 2002 blei det registrert 571 DOKID med bibliotekkode *nb* og kortforma AASENTUN i BIBSYS, mot 361 i 2001. Av DOKID registrert i 2002 hadde 390 status som katalogisert. Opplysningar som gjeld eitt eksemplar av eit dokument blir kalla ein dokumentpost, og blir identifisert av eit DOKID. Talet på

DOKID svarar til talet på eksemplar som er registrert i basen for biblioteket vårt. Ved utgangen av 2002 var det registrert totalt 932 DOKID i BIBSYS for biblioteket vårt.

Det meste av Djupedal-samlinga blei registrert i ein database med om lag 11 000 postar i 1993 – 1994. I 2002 fekk vi endeleg tilgjenge til denne databasen. Det viste seg at databasen berre kan brukast som ei intern bokliste og ikkje kan overførast til BIBSYS. I staden søkte vi hausten 2002 om midlar frå Norsk kulturråd til eit treårig registreringsprosjekt for Djupedal-samlinga.

## 5.2 Dokumentasjon og forsking

Samlingane i Ivar Aasen-tunet inneholder svært mykje interessant materiale, men så lenge samlingane ikkje er tilfredsstillande ordna og registrerte, er det uråd å legge til rette for omfattande forsking som byggjer på desse samlingane. I første omgang har dei difor størst bruksverdi for tilsette og for studentar og tilsette ved Ivar Aasen-instituttet.

Styret vedtok i 2002 *Dokumentasjons- og forskingsplan nr. 1 2002 – 2004*. Museum driv kunnskapsbasert formidling. I systematiske og kritiske former utviklar dei eigen kunnskap, basert på samlingane sine. I seinare år er dokumentasjon blitt ein stadig viktigare funksjon for musea, men omgrepet *dokumentasjon* har enno ikkje fått nokon etablert definisjon. I den nyaste større museumsutgreiinga, NOU 1996:7, ser det berre ut til å vere brukt i samband med identifisering, bestemming og registrering av gjenstandar, altså som eit synonym for systematisk registrering. I planen vår har vi prøvt å gi omgrepet eit meir presist innhald: ”Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein ABM-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskrivelse og analyse.” Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forsking lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitskaplege artiklar.

Dokumentasjon og innsamling heng saman og viser til to ulike deler av same prosessen. Dokumenteringa tek til når innsamlinga sluttar, altså når gjenstanden er komen i hus. Dokumentasjonsarbeidet skal dekkje både fortid og samtid. I dokumentasjonsarbeidet er vi meir føremålsretta enn forskarar skal eller treng vere. Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølve eller av utanforståande.

Med grunnlag i samlingane våre sette vi i gang 7 avgrensa dokumentasjons- og forskingsprosjekt i 2002. Alle desse går over lengre tid:

- Nettbiblioteket
- Ivar Aasens verk i digital form
- Arne Garborgs dagbøker i digital form
- Dikt og songar i digital versjon

- Det nynorske Noregskartet

- Ivar Aasen-bibliografi

- Kulturell toleranse innvandring – nynorsk

Det blei sett i gang to eksterne forskingsprosjekt som dels byggjer på samlingane våre:

- Historia om Noregs Boklag

- Biografi om Elias Blix

### 5.3 Dokumentasjon av både nynorsk og bokmål

Nynorsk kultursentrum legg stor vekt på påliteleg dokumentasjon av tilstanden for nynorsk skriftkultur. Det inneber at vi faktisk dokumenterer tilstanden for både bokmål og nynorsk. Alle stader der det gir mening, bryt vi ned begrepet *norsk* og todeler det i kategoriane *bokmål* og *nynorsk*. På denne måten kan verksemda vår vere av stor verdi også for bokmålsbrukarar som ønskjer informasjon om situasjonen for bokmål. Det er berre dokumentasjon frå oss som gir informasjon om til dømes desse variablane:

- Talet på nye bøker på bokmål og nynorsk innanfor ulike sjangrar
- Pressestøtte til aviser på bokmål og nynorsk
- Utgivingar av musikk sortert etter norsk målform
- Språkleg og kulturell toleranse overfor innvandrarkulturar i høve til nordmenns målform

Gjennom slik dokumentasjon legg vi grunnlaget for både kunnskapsbasert formidling og kunnskapsbasert handling for andre institusjonar. Nynorsk kultursentrum har i praksis teke over ansvaret for vidare oppdatering av *Nynorsk faktabok*, og utarbeidde i 2002 ulike former for kulturstatistisk dokumentasjon, både til eige bruk og etter førespurnad utanfrå.

*Kulturstatistikk 2001* syner at målform gledeleg nok held på å bli ein fastare del av offisiell norsk kulturstatistikk, særleg for Nasjonalbiblioteket sin del.

### 5.4 Nynorskbasen

Som ein del av arbeidet med *Nynorsk Leksikon* bygde administrasjonen frå sommaren opp *Nynorskbasen*, ein enkel database med nøkkelinformasjon om profilerte nynorskbrukarar. Ved utgangen av året var det registrert informasjon om 1965 nynorskbrukarar, der 15 % er kvinner.

### 5.5 Artikkelarkivet

Like sidan opninga av Aasen-tunet i juni 2000 har vi brukt avisklipp i aktualitetshylla i utstillinga. Frå 2002 auka vi aktiviteten på dette feltet, og klippte òg ut andre artiklar og notisar, som saman med artiklar som har vore brukte i aktualitetshylla dannar Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet. Alt etter eitt år inneheldt arkivet om lag 800 utklipp.

Vi prioriterer artiklar om profilerte nynorskbrukarar: forfattarar, journalistar og andre mediearbeidarar, sentrale tillitsfolk eller tilsette i nynorskinstitusjonar, andre nynorskbrukande kulturpersonar, og nokre utvalde landsfemnande institusjonar og organisasjonar som bruker nynorsk.

Vi klipper fast frå Aftenposten, Bergens Tidende, Dag og Tid, Dagbladet, Firda, Hordaland, Jærbladet, Klassekampen, Møre, Møre-Nytt, Sogn Avis, Sunnhordland, Sunnmørsposten og Vårt Land. I tillegg tek vi vare på artiklar frå andre aviser, dersom vi kjem over dei.

## 5.6 Publikumsservice

Også i 2002 heldt vi fast ved garantien frå 2000 om at vi svarar på relevante spørsmål innan 48 timer. Vi får ei rekke spørsmål, frå publikum i Aasen-tunet, på telefon, og på e-post eller i vanlege brev. Bibliotekleiar og dokumentasjonsleiar svarte på dei fleste av spørsmåla frå eksterne brukarar. Både spørsmål og svar blir tekne vare på, slik at vi lett kan hente dei fram att ved behov.

## 5.7 Kulturpolitisk arbeid

Som i 2001 blei verksemda også i 2002 i større grad prega av eit allsidig fagleg arbeid enn det som var planlagt. Her nemner vi særleg:

- Saman med Læringssenteret arrangerte vi i februar den store idékonferansen ”Betre sidemålsundervisning” med deltakarar frå 16 fylke. Oppfølgingsarbeidet etter konferansen har førebels stoppa opp av mangel på midlar.
- Ottar Grepstads bok *Det nynorske blikket*, ei samling essay, artiklar og foredrag på nær 600 sider om ulike emne frå den nynorske skriftkulturens historie, blei utgitt i april.
- I høve årsmøte i Norske Lagsbruk i mai arrangerte vi fagdag om marknadsføring på nynorsk. Emnet blir følgt opp på ulike måtar.
- Saman med Det Norske Samlaget engasjerte vi Oddmund L. Hoel til å lage den omfattande utgreiinga *Nasjonal nynorsk kunnskapsbase* som vare ferdig i juli. Utgreiinga viser korleis det planlagde prosjektet Nynorsk leksikon kan gjennomførast og kva det truleg vil koste.
- I oktober blei det klart at arbeidet med å få fram ein nynorskversjon av den Linux-baserte dataprogrammpakken Open Office var finansiert med tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. I november kunngjorde Microsoft at dei vil gi ut sin Windows-baserte Office-pakke på nynorsk hausten 2003. Dette kom som resultat av fire års målretta og sterkt samordna arbeid frå mange hald.
- Eit anna større utgreiingsarbeid var dokumentet *Kulturpolitikk på nynorsk*; vårt innspel til arbeidet med den nye kulturmeldinga, som vi sende til departementet 15.11.
- *Viljen til språk*, årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, blei framført av direktøren 25.9. Heile talen handla om forholdet mellom innvandrarar og nynorskbrukarar, og bygde m.a. på verdfullt materiale som Ottar Hellevik i

MMI stilte til rådvelde for oss. Så langt er direktørens årstale den einaste årstalen innanfor norsk kulturliv.

- I november blei vi involvert i forarbeidet til eit kompetansesenter for nynorsk eterspråk ved NRK Sogn og Fjordane. I januar 2003 slutta styret i NRK seg til planane, som også sikra framtida for dette distriktskontoret.
- I november arrangerte vi ABM-konferansen ”Nye vegar for litteraturformidling” med støtte frå Norsk kulturråd.
- Vi var med i planleggingsarbeidet fram mot opninga av den nye kulturinstitusjonen RK 13 Arbeidsskulen i Suldal i november. Vi har også gitt våre synspunkt og råd til Time Mållag som våren 2002 tok initiativ til å planleggje eit Garborg-senter på Bryne.

Administrasjonen tok opp fleire aktuelle saker med styresmaktene. Vi arbeidde på ulike måtar med prosjektet Nynorsk leksikon, og følgde opp ymse saker slik:

- Høyringsfråsegn 25.1. til Nærings- og handelsdepartementet om målpolitiske sider av den komande handlingsplanen for eNorge.
- Saman med Det Norske Samlaget søkte vi i mars Kultur- og kyrkjedepartementet om midlar til eit forprosjekt for Nasjonal nynorsk kunnskapsbase. Søknaden blei avslått fordi Stortinget i handsaminga av revidert nasjonalbudsjett våren 2002 strauk framlegg til løyving til vidare arbeid med kunnskapsbasar.
- Deltaking på open høyring i familie-, kultur- og administrasjonskomiteen på Stortinget 15.11. om vegen vidare i arbeidet med kunnskapsbasar og Nynorsk leksikon.
- Høyringsfråsegn til Norsk språkråd 15.12. om framlegg til ny rettskrivningsnorm for nynorsk.

## 5.8 Foredrag

Ottar Grepstad: ”Tilstanden for nynorsk skriftkultur”. Møte med norsklærarar ved Langhaugen skole i Bergen 16.9.

– : ”Utviklingstrekk i nynorsk skriftkultur”. Foredrag på møte i Studentmållaget i Bergen 16.9.

–: ”Viljen til språk”. Årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, Ivar Aasen-tunet 25.9.

– : ”Museum som kulturpolitiske aktørar”. Innleiing på møte i Forum for nasjonale museer på Rjukan 18.10.

Eirik Helleve: ”Frå Ivar Aasen-museet til Ivar Aasen-tunet – grep og feilgrep i modernisering og profesjonalisering”. Innleiing på ABM-konferansen ”Nye vilkår for litteraturformidling” i Ivar Aasen-tunet 7.11.

## 5.9 Trykte og elektroniske skrifter

- John Aage Gjestrum (†): "Heilskapens detaljar i Ivar Aasen-tunet". Redigert av Ottar Grepstad. *Nordisk museologi* nr. 1/2002, s. 55–78
- Ottar Grepstad: "Arne Garborgs ukjende venn". *Stavanger Aftenblad* 1.3.2002
- : *Det nynorske blikket*, Det Norske Samlaget 2002
- : "Ivar Aasen-tunet: den moderne autentisitetens kulturelle meirverdi", i *Litterära museer i Norden*. Seminarrapport, Hanaholmen, Esbo 9. – 11. mars 2001
- : "Originalen" [om Audun Heskestad], i *9.11.42. Festbok til Audun på 60-årsdagen*, Samlaget 2002, s. 24–60
- Eirik Helleve: "'Aldrig skal du Bygden glemme'. Knut A. Rene og tidsskriftet *Vossingen*", i *Gamalt frå Voss* 2002
- "Norsk Høstfest: Typisk norsk-amerikansk". *Dag og Tid* 42/2002
- Ørsta ungdomsskule, klasse 9D: *SMS: Språk, mitt språk :)*. [Ørsta 2002] 2 opplag

## 5.10 Fagleg representasjon

Representantar for Nynorsk kultursentrums deltok på 35 eksterne tilstellingar i 2002, mot 30 i 2001:

- Gave- og interiormessen på Sjølyst i Oslo 26. – 27.1.: Ingrid I. Opedal
- Møte i Forum for nasjonale museum i Bodø 6.2.: Ottar Grepstad
- Møte i Løvebakken Mållag i Oslo 26.2.: Ottar Grepstad
- Seminar om digitale fotografi på Landbruksmuseet på Gjermundnes, skipa til av Musea i Møre og Romsdal 13.2.: Eirik Helleve
- 90-årsfest i Bærum Mållag 7.3.: Ottar Grepstad
- Årsmøte i Sunnmøre Mållag i Ivar Aasen-tunet 9.3.: Ottar Grepstad
- Seminar om eit mogleg bokprosjekt Norsk tidsskrifthistorie i Oslo 18.3.: Ottar Grepstad
- Referansegruppe for Nynorsk inn i IKT-opplæringa i Oslo 18.3.: Ottar Grepstad
- Møte saman med Samlaget om forprosjektet Nasjonal nynorsk kunnskapsbase i Kultur- og kyrkjedepartementet 19.3: Ottar Grepstad
- Møte i SkoleLINUX på Bjerke vgs i Oslo 19.3.: Ottar Grepstad
- Møte om Garborg-senter i Time Mållag på Bryne 20.3.: Ottar Grepstad
- Årsmøte i Musea i Møre og Romsdal 12.4.: Eirik Helleve
- "Hemmeleg gjest på benken" i Ørsta frikyrkje 20.4.: Ottar Grepstad
- Møte i Nynorsk Forum i Oslo 25.4.: Ottar Grepstad
- Bibliotekdagene 2002 i Stavanger 25. – 26.4.: Kirsti Langstøy
- Landsmøtet i Noregs Mållag 26. – 28.4.: Kari Bjørke, Ottar Grepstad, Janne Karin Støylen, Grete Riise
- Årsmøte i Det Norske Samlaget 27.4.: Kari Bjørke
- Møte om forskingsprosjekt med tilknyting til hundreårsjubileet for Noregs Mållag i 2006 på Høgskulen i Volda 6.5.: Ottar Grepstad

- Fagdag for Norske Lagsbruk i Ivar Aasen-tunet 25.5.: Janne Karin Støylen
- BIBSYS sitt periodikakurs i Oslo 11.6.-14.6.: Kirsti Langstøy
- Møte i kontaktgruppe for Nynorsk inn i IKT-opplæringa i Aasen-tunet 20.8.: Ottar Grepstad
- Møte i Nynorsk Forum i Oslo 29.8.: Ottar Grepstad
- Landsmøte i Norges Museumsforbund i Bergen 11. – 14.9.: Ottar Grepstad
- Styremøte i MIMR på Vestnes 2.10.: Eirik Helleve
- Fellesmøte for lokale mållag på Sunnmøre i Volda 8.10.: Ottar Grepstad
- Møte med Løvebakken Mållag i Nynorsk Forum i Oslo 15.10.: Ottar Grepstad
- Forum for nasjonale museer på Rjukan 18.10.: Ottar Grepstad
- Årskonferansen ”Kommunikasjon på tvers” i Kommunikasjonsforeningen i Trondheim 24.–25.10.: Torgeir Dimmen
- Kurset ”Språklege endringar på Sunnmøre” arrangert av Utdanningsforbundet i Møre og Romsdal i Ålesund 1.11.: Marit Neergaard
- ABM-konferansen ”Nye vilkår for litteraturformidling” i Aasen-tunet 7.–8.11.: Torgeir Dimmen, Ottar Grepstad, Eirik Helleve, Kirsti Langstøy, Marit Neergaard, Janne Karin Støylen [dei fleste innom no og då]
- Samkome i Oslo i høve 60-årsdagen til Audun Heskestad 11.11.: Kari Bjørke, Geir Atle Ersland, Ottar Grepstad
- Årskonferansen ”Kulturell globalisering” i Norsk kulturråd i Trondheim 21.–22.11., og ordstyrar i bok om språkpolitikk under konferansen: Ottar Grepstad
- Nasjonal konferanse om lokal kultur- og næringspolitikk i Suldal 21.–22.11., og opning av den nye kulturinstitusjonen RK 13 Arbeidsskulen: Janne Karin Støylen
- Møte i Nynorsk Forum i Oslo 27.11.: Ottar Grepstad
- Møte med Nærings- og handelsdepartementet om Nynorsk leksikon i Oslo 17.12: Oddmund L. Hoel

## 5.11 Årets nynorskbrukar

Nynorsk kultursentrum deler kvart år ut prisen *Årets nynorskbrukar* til personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktisk arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. Styret i Nynorsk kultursentrum er jury for prisen.

I 2002 gjekk prisen til Ringstabekk skole, Bærum, for deira systematiske arbeid for å gjere nynorsk til eit vanleg språk i skulekvardagen, både administrativt og i undervisninga, og for ei nytenkjande sidemålsundervisning som motiverer, inspirerer og gir resultat. Prisen var 25 000 kr, eit eksemplar av Dialektspelet og eit grafisk blad, og blei overrekt på Aasen-stemnet under Dei Nynorske Festspela 23.6.

Tidlegare prisvinnarar:

2000 Högsterettsdomar Karl Arne Utgård, Hamar

2001 Hotelldirektør og visepresident i NHO, Gerd Kjellaug Berge, Selje

## 6. Utstillingar

Utstillingar omsette for 180' mot 253' i 2001, men oppnådde om lag same gode økonomiske resultat.

### 6.1 Basisutstillinga

Basisutstillinga har fem hovudelement:

- a) Ivar Aasens liv og verk
- b) Talespråk og skriftspråk i globalt perspektiv
- c) Framveksten av nynorsk skriftkultur gjennom skule, song og massemedia
- d) Enkeltforfattarar og andre brukarar av nynorsk
- e) Språkverkstad med det interaktive dataspelet Dialektspelet

Dei fleste delane av basisutstillinga er bygd opp av modular som kan skiftast ut.

Berre a) og delvis b) kan reknast som permanent utstilling.

Det er viktig at utstillingane i Ivar Aasen-tunet er levande og dynamiske. Vi legg vekt på at alle skal oppdage noko nytt, også dei som vitjar utstillingane fleire gonger. Det blir difor feil å omtale basisutstillinga som ferdig, men inngrepa i utstillinga blir no omtala som endringar, ikkje som ferdiggjering. Kvar dag er det noko nytt i utstillingane:

- Dagens sitat
- Ferske utgåver av nynorskredigerte aviser

I *aktuallitetshylla* kjem skifta med ujamne mellomrom. I 2002 la vi fram om lag 65 avisklipp og eigne tekstar om ulike emne. Dei viktigaste var:

- |        |  |
|--------|--|
| 4.1.   | Jostein Krokvik 75 år  |
| 18.1.  | Henrik Rytter – 125 år sidan han blei fødd   |
| 1.2.   | Egil Lehmann 95 år   |
| 25.2.  | Ivar Grimstad 80 år  |
| 22.3.  | Marta Steinsvik – 125 år sidan ho blei fødd  |
| 20.6.  | 10-årsjubileum for Dei Nynorske Festspela, som blei skipa til første gongen hausten 1992, då under namnet Nynorsk Festspelerveke |
| 8.11.  | Audun Heskestad 60 år  |
| 30.11. | Ivar Eskeland 75 år  |
| 30.11. | Kjell Venås 75 år  |

Frå hausten 2002 innførte vi eit nytt publikumstilbod med *godbitar frå samlingane* der det var nye innslag kvar månad. Ute i resepsjonsområdet viste vi godbitar i form av skulebøker, songbøker, skodespel og julehefte.

### 6.2 Temautstillingar

Størst skifte har det så langt vore lengst inne i utstillinga. I rommet for temautstillingar viste vi i 2002 seks utstillingar. Tre av dei var nye, alle med Aina Griffin som formgivar:

1.1. – 20.1	<i>Diktarens litterære liv:</i> Olav Duuns miljø, lesnad og litterære påverknad
20.1. – 16.3	NY <i>Mannen som kristna landsmålet:</i> Ei utstilling om livet til Elias Blix
16.3. – 20.6.	NY <i>Tre forfattarar – mange fantasiar</i> Ragnar Hovland, Torvald Sund og Lars Amund Vaage
20.6 – 5.8.	NY <i>Ei røyst som er mi:</i> Festspeldiktaren Einar Økland
5.8. – 15.10.	<i>Tre forfattarar – mange fantasiar</i> (reprise)
15.10. – 31.12.	<i>Diktarens litterære liv:</i> Olav Duuns miljø, lesnad og litterære påverknad (reprise)

Temautstillingane blir henta fram att etter behov slik at dei kan bli sett av flest mogleg, og slik at basisutstillinga jamleg er i endring. Ved utgangen av 2002 har vi produsert ni temaутstillingar. Nokre av desse har i løpet av året vore på utlån, slik at vi valde å visa to utstillingar i reprise veldig kort tid etter at dei første gong var viste.

### 6.3 Forfattarpresentasjoner

I Forfattarrommet i basisutstillinga presenterer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir tre av dei skifta ut. I 2002 var dette endringane:

- 20.1. Tor Jonsson inn, Arne Garborg ut
- 20.6. Hans Skjervheim inn, Rasmus Løland ut
- 15.10. Eldrid Lunden inn, Kjartan Fløgstad ut

Til kvar forfattar samlar vi artiklar, intervju og bokmeldingar i ein perm. Denne blir seinare tilgjengeleg i biblioteket og på nettstaden.

### 6.4 Vandreutstillingar

Temaутstillingane er spesiallaga til eit rom i utstillinga, men har likevel eit format som gjer det lett å frakte dei og vise dei fram andre stader. Fire av utstillingane våre blei lånte ut i 2002. Det rapporterte gjestetalet er om lag 1800, men her manglar vi informasjon frå fleire låntakarar. Det er til dømes vanskeleg å oppgi gjestetal for utstillingar som blir viste i bibliotek eller hotell.

#### *Askerkretsen*

- |              |                        |
|--------------|------------------------|
| 9.8. – 31.8. | Garborg-dagane, Tynset |
|--------------|------------------------|

#### *Diktarens litterære liv*

- |               |   |
|---------------|---|
| 10.6. – 11.8. | Emma og Olav Duuns stiftelse, Holmestrand |
| 15.8. – 15.9. | Namdalsmuseet, Namsos                     |

#### *Kaffikoppens kulturelle kraft*

- |                   |                     |
|-------------------|---------------------|
| 30.8. – 30.9.     | Saga Hotell, Tromsø |
| 15.10 – 15.1.2003 | Kaffistova, Harstad |

### *Mannen som kristna landsmålet*

18. – 20.5. Nynorsklaget og Uranienborg menighet, Oslo  
 22.5. – 30.6. Ål bibliotek, Ål  
 19.7. – 31.7. Gildeskål menighetskontor, Gildeskål  
 1.8. – 1.10. Nordlandsmuseet, Bodø

### 6.5 Skuletilbod

Alt frå opningssesongen hadde Nynorsk kultursentrum skuletilbod for alle klassesteg frå barnehage til 3. klasse i vidaregåande skule. Dette skuletilboden blei revidert og utvida i 2001, og inneheld no 15 ulike opplegg. 1118 elevar brukte dette tilboden i Ivar Aasen-tunet i 2002, mot 1365 i 2001. Mange skuleklassar deltek elles gjennom året på kulturarrangement som er særskilt retta mot dei (sjå 7.2. Kulturprogram). Skuleelevane blir då registrerte som enkeltgjestar på arrangement.

## 7. Arrangement

Frå og med opninga i 2000 har Nynorsk kultursentrum no gjennomført 289 arrangement i eigen regi. Høgdepunktet i det omfattande arrangementsprogrammet er Dei Nynorske Festspela, som har vore arrangerte i Ørsta og Volda kvart år sidan 1992.

**TABELL 1 Arrangementstal 2000 – 2002**

	Festspela	Sesongprogram	Sum
2000	45	37	82
2001	31	54	85
2002	50	71	121

Tabell 1 syner at vi auka arrangementstalet kraftig både under Festspela og i kulturprogrammet.

Nynorsk kultursentrum var også medarrangør av Norsk kulturhelg 2002 i Oslo 26. – 28.4. Denne mönstringa er ikkje med i tala ovanfor eller i det samla publikumstalet for 2002.

### 7.1 Dei Nynorske Festspela

Dei Nynorske Festspela auka omsetninga med heile 24 % til nær 900' kr, men fekk eit underskot på 81' kr i 2002 mot eit overskot på 52' kr i 2001. Eigeninntektene utgjorde 48 % i 2002 mot 46 % året før. Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var Festspela svært vellukka, med om lag 5500 gjester og vel 300 utøvarar på 50 arrangement.

Festspela blei arrangerte med driftstilskot frå Kultur- og kyrkjedepartementet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Volda kommune og Ørsta kommune.

Festspela feira 10-årsjubileum i 2002 og markerte dette med ein svært innhaldsrik festival med over 50 arrangement på 4 dagar frå 20. til 23. juni, og med over 300 utøvarar i sving, mot 240 utøvarar på 31 arrangement i 2001. Særleg positivt var eit auka engasjement frå eksterne arrangørar i form av lag, organisasjonar og handelsstand i vertskommunane. Programmet var også prega av samarbeid med nasjonale aktørar som De norske bokklubbene, Det Norske Samlaget, Universitetsforlaget og Ivar Aasen-instituttet. Eit seminar om filosofi på nynorsk blei arrangert med støtte frå Stiftelsen Fritt Ord.

Det samlande temaet for festspela var dette året ”Mangfald”. Mens Festspela i 2000 og 2001 var konsentrerte om Aasen-tunet som arrangementsstad, kunne vi dette året ta i bruk eit større mangfald av scener. Publikum tok svært godt imot programtilbodet vårt, som var retta inn mot svært ulike målgrupper. Samstundes utvikla vi vidare ein del faste programpostar som er med og gir Festspela ein klar identitet.

Einar Økland var festspeldiktar og Wenche Øyen var festspelkunstnar med eiga salsutstilling. Opningskonserten stod gruppa Nye nord for, med Bjørn Kjellemøyhr, Terje Isungset, Morten Søle, Unni Løvlid, Odd Nordstoga og Berit Opheim under leiing av Karl Seglem. Gunnar Skirbekk heldt Ivar Aasen-minneforedraget og og Tove Karoline Knutsen var stemnetalar under det avsluttande Ivar Aasen-stemnet.

Festspela hadde 5500 gjester, og auka dermed publikumstalet med 25 % i høve til året før. I tillegg auka omsetninga i kafeen med 40 %, og i butikken med 25 % frå 2001. Under denne jubileumsfestivalen var fleire arrangement enn tidlegare gratis-arrangement på ulike arenaer i Volda og Ørsta. Det er lagt eit viktig grunnlag for lokalt engasjement og eigarskapskjensle gjennom dette, men det er naudsynt å syte for at fleire publikummarar også gjestar dei arrangementa der dei må løyse billett.

Festspelprogrammet blei presentert 2.4. Staben gjennomførte ei svært grundig intern resultatvurdering i juli som blei følgd opp i styret 26.9., og som vil vere til stor nytte i arbeidet med seinare festspel og kulturprogram. Nynorsk kultursentrum utviklar Festspela i tråd med dei måla som den dåverande Ivar Aasen-stiftinga vedtok i 1994:

1. Dei Nynorske Festspela skal *årleg* skipast til i kommunane Volda og Ørsta, eller slik styret avgjer.
2. Festspela skal først og fremst ta opp tema som kan *kaste nytt lys over og/eller styrke den nynorske skriftkulturen*.
3. Festspela skal ha ei god *blanding av kunstnarlege og faglege tilbod*. Dei skal gi utfordringar til ulike kunstnargrupper og satse på bevisstgjering også av barn og unge.

4. Festspela skal ha ei *nasjonal og internasjonal innretting*; det kunstnarlege og faglege programmet må vere utforma slik at det kan vekkje nasjonal og internasjonal interesse.
5. Festspela skal også ha ei *lokal forankring*; i val av artistar og fagleg ekspertise treng ein ikkje gå over bekken etter vatn.
6. Festspela skal ta namnet sitt på alvor og vere ei *blanding av nynorsk fest, allsidig spel og kveik for tanken*.
7. Festspela skal vere *nyskapande*; utprøving og grensesprenging er ei drivkraft i den nynorske skriftkulturen. Dette skal setje sitt preg på festspelprogrammet.

Festspela er no etablerte som ei merkevare som både publikum, utøvarar og presse kjerner tillit til. Festspela står no støtt og fast som eit lokalt og nasjonalt arrangement. Dei har funne ei form som publikum ser ut til å trivast med, og som gir stabile og gode økonomiske resultat. Utøvarane har vore svært nøgde med måten dei blir møtt på. Mange har peikt på et ein så ryddig og grundig arrangør har dei sjeldan eller aldri vore borti, at det er noko heilt spesielt å opptre i Aasen-tunet, og at dei møter eit svært godt og lydhøyrt publikum.

Til skilnad frå musikkfestivalane, som i stadig større grad blir ein del av den nasjonale eller internasjonale musikkindustrien, har ein litteratur- og musikkfestival som Dei Nynorske Festspela eit kritisk blikk på sitt eige emne. I opningstalen på Dei Nynorske Festspela 2002 sa Jon Lilletun m.a.:

Meir enn festivalar flest i dette landet har Dei Nynorske Festspela vist ei imponerande evne til å leite fram nye røyster frå det mektige blandakoret som den nynorske skriftkulturen no er blitt.

Denne funksjonen som scene for nye stemmer blir utvikla vidare kvart år, også i 2002.

## 7.2 Kulturprogram vår og haust

Omsetninga for opne arrangement utanom Festspela auka med heile 78 % frå 428' i 2001 til 760' i 2002. Vår- og haustprogrammet omfatta 71 arrangement med til saman over 400 utøvarar, mot 600 utøvarar på 53 arrangement i 2001.

Vårprogrammet blei gjennomført frå 20.1. til 21.4., haustprogrammet frå 27.8. til 8.12., dessutan den faste konserten i høve Ivar Aasens fødselsdag 5.8.

Kulturprogramma hadde brei appell og tilbod til svært ulike målgrupper. Vi la vekt på å vidareutvikle programformer som har vist seg å høve for Ivar Aasen-tunet, der samtalene er blitt eitt kjennemerke. Hausten 2002 prøvde vi med godt resultat ut laurdagen som arrangementsdag. I 2002 arrangerte vi to større fagkonferansar om emne som er viktige for den samla verksemda vår: sidemålsundervisning (i samarbeid med Læringssenteret) og nye vilkår for litteraturformidling (med støtte frå Norsk kulturråd). Litteratur er og blir ei hovudsak for Nynorsk kultursentrums. Boknatta i november er i ferd med å finne forma si, og publikumstalet aukar for kvart år.

Nytt av året var det at vi hadde mange arrangement andre stader i landet. Konserten "Kjærleik på nynorsk", første gongen framført i Ivar Aasen-tunet våren

2002, blei også halden på Stord ut på hausten. Vi laga også turné av førjulskonserten ”Ei reise – ein song”, til Herøy, Eid og Sæbø i Ørsta.

Dei gode røynslene med større arrangement for småbarnsfamiliar i 2001 gjorde at vi satsa endå meir på dette i 2002. Dette er eit publikum som set stor pris på gode tilbod, og som bruker tilboda. For andre året på rad samarbeidde vi med Blåmann Barnebokklubb om eit større arrangement. Året blei ramma inn av minne og jubileum: Vi opna med å markere hundreårsmilnet for Elias Blix’ død og slutta med ei stor retrospektiv utstilling om Karl Straume, drivkrafta fram mot opninga av Galleriet i 1946 og formann i Ivar Aasen-museet 1946 – 67.

## **8. Kafé og butikk**

Butikken og kafeen auka til saman omsetninga med heile 30 % frå 687' i 2001 til 894' i 2002, og utgjorde svært viktige delar i det samla publikumstilbodet vårt.

### **8.1 Kafé og utleige**

Kafeen hadde ei omsetning på 507' i 2002, mot 547' i 2001.

Kafeen skal ha eit tilbod når Ivar Aasen-tunet er ope. Kafeen er alt blitt ein del av varemerket til Ivar Aasen-tunet: høg kvalitet på maten, bruk av gode råvarer og minimalt med halvfabrikata, og varierande meny. Så godt som kvar søndag heile året gjennom kunne kafeen tilby torettarsmiddag, og i sommarsessongen eit utvida tilbod av varme og kalde rettar kvar dag. Nytt frå 2002 var at vi gjennom leigeavtale med Friele kunne tilby eit breitt utval av moderne kaffi- og sjokoladedrikkar.

Sesongane varierer så mykje at det er vanskeleg å reindyrke éin stil. Menyen er blitt tilpassa aktivitetane, med nye smakar av og til, men publikum har lettare for å velje det tradisjonelle enn det moderne, og det moderne er dyrare å lage. I samband med ulike kulturarrangement har ein prøvd å la menyen avspegle temaet for arrangementet. Vi vurderer fleire tiltak som kan redusere romklangen i kafeen og resepsjonsområdet.

Utleige er blitt ein viktig del både av drifta og den allmenne marknadsføringa av institusjonen. Utleiga er som regel kombinert med servering og gir dermed gode inntekter til kafeen. Ivar Aasen-tunet er ein møte- og kursstad som skil seg ut frå alle andre tilbod i regionen. Salen har synt seg å fungere svært bra som møte-, kurs- og konferanselokale. Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nytta seg av tilbodet vårt i fjor. Fleire leigde også Salen til konsertar og teaterframstillingar. Kafeen har også vore brukt som selskapslokale for konfirmasjonar, sølvbryllaup og årsdagar. Her har vi stilt som føresetnad at nokre av tilboda i tunet er inkluderte i tilskipinga. 85 grupper, lag, bedrifter og institusjonar tinga servering, omvising og/eller lokale til møte, kurs og seminar i 2002, mot 88 i 2001.

## 8.2 Butikk

Butikken dobla omsetninga frå 190' i 2001 til 387' i 2002, og det etter at vi i 2002 reduserte varelageret for butikken med 35' grunna ukurans. Av dette utgjorde boksal 136'. Vi selde svært godt av fleire bøker, likeins av dei eldre varene og av fleire av dei nye varene vi utvikla til 2002: Ivar Aasen-ring og nøkkelring med Aasen-signatur, bordbrikker og vesker i lin/bomull med Aasen-handskrift, og fem nye postkort.

## 8.3 Dialektspelet

*Dialektspelet* blei utgitt i salsversjon i august. Dette interaktive dataspelet om norske dialektar blei utvikla til opninga av Aasen-tunet i 2000 av Senter for livslang læring ved Høgskolen i Lillehammer på oppdrag frå Nynorsk kultursentrum etter ein idé frå Ola E. Bø. Spelet var lenge berre tilgjengeleg på tre datamaskinar i utstillinga, men mange av dei som vitja oss, viste interesse for å kjøpe spelet med seg. Vi utvikla difor ein salsversjon til bruk på PC som vi lanserte på Lillehammer i august. Redaksjonell omtale og direktereklame gav resultat: Ved årsskiftet var det selt vel 300 eksemplar.

# 9. Nettstader

Nynorsk kultursentrum driv to nettstader:

- [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) blei opna 26.4.2000, to månader før den offisielle opninga av Ivar Aasen-tunet. Vi har gradvis bygt opp nettstaden i retning av målet om at dette skal vere den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur.
- [www.garborgnett.no](http://www.garborgnett.no) overtok Nynorsk kultursentrum frå Stiftinga Garborg-året 2001 frå 1.1.2002. Denne nettstaden var utvikla spesielt med tanke på tilbod og aktivitetar i skulen. Det var ikkje kapasitet til å arbeide særskilt med denne nettstaden i 2002.

## 9.1 Besök

Vekebesøket på nettstaden aasentunet.no auka jamt frå mai 2000 til hausten 2002, og låg første halvåret 2002 på om lag 400. I juni 2002 førte medieoppslag om problem med passord til databasen over Djupedal-samlinga til om lag 47 000 besök på to veker. Etter fornyinga og omlegginga av nettstaden i oktober 2002 stabiliserte besøket seg på eit høgare nivå enn før, og gjennomsnittleg vekebesøk i november-desember var om lag 620. Talet på sidebesøk varierer mykje frå dag til dag, men i gjennomsnitt er det fire – fem gonger så høgt som talet på unike besøk (sesjonar), jf. tabell 2.

**TABELL 2 Unike besøk på www.aasentunet.no 2000 – 2002**

	I alt	Gjennomsnitt pr veke
2000	8 937	241
2001	17 511	337
2002	73 666	476*

\* Ikkje medrekna tre veker med uvanleg mykje besøk i samband med passordsaka.

Særleg ettertrakta var fagstoffet i Nettbiblioteket, dvs. stoff om Ivar Aasen og andre nynorskforfattarar. Dette kan tyde på at mange studentar, lærarar og andre fagfolk har oppdaga tenestene våre og at www.aasentunet.no her har eit tilbod dei ikkje finn andre stader.

## 9.2 Fornya nettstad

Arbeidet med å fornye nettstaden tok til på vårparten 2002 med oppdrag til reklamebyrået Gasta i Sogndal. Arbeidet var omfattande, og det nye administrasjonssystemet LooP inneheldt ein del barnesjukdommar. Den nye versjonen kom difor først på lufta tidleg i oktober.

Omlegginga skulle gjere det enklare å publisere nytt stoff på nettstaden. Det har vi fått til, og alt i alt er vi godt nøgde med LooP som administrasjonssystem. Terskelen for å lære seg å bruke systemet er låg, og fleire tilsette kan enkelt publisere stoff eller gjøre endringar.

Grunnelementa frå førsteversjonen av nettstaden er om lag dei same, men både utforminga av og innhaldet på startsida og peikarstrukturen blei endra ein del. Viktigast er likevel at vi i den nye versjonen alt har publisert svært mykje nytt stoff, og at det no ikkje lenger finst blanke sider. Vi nærmar oss det nivået vi skal ligge på, sjølv om mykje framleis står att. Ved utgangen av 2002 hadde vi publisert om lag 600 tekstar på nettstaden vår.

Nokre av endringane kom på sider der det allereie låg litt informasjon. Desse sidene blei bygd vidare ut, både med tekst og bilete. Dei største endringane kom likevel på sidene med fagleg innhald. Særleg viktig er det at vi hausten 2002 fekk publisert mykje stoff om og av Ivar Aasen. Så godt som alle bøkene hans ligg no ute i fulltekst, inkludert brev og dagbøker. Vi har også publisert om lag 130 tabellar frå *Nynorsk faktabok 1998* som no blir oppdatert og utvida kvart år.

Like sidan sommaren 2000 har vi samarbeidd med redaksjonen i *Norsk Ordbok* som leverer korte, spesialskrivne ordbokartiklar til nettstaden. Nye artiklar blir publiserte to gonger i veka, og etter kvart som dei ”går ut” blir dei lagde i eit eige arkiv, som brukarane når via ein peikar. Ved utgangen av 2002 inneholdt denne nettordboka vel 150 oppslagsord.

## 9.3 Nettbiblioteket

Nettbiblioteket blir ein viktig del av vår dokumentasjon i digital form. Biblioteket skal innehalde sentrale og kuriøse tekstar frå heile historia til den nynorske

skriftkulturen. I første omgang konsentrerer vi publiseringa om tekstar som har falle i det fri opphavsrettsleg, dvs. av forfattarar som døydde før 1933.

Jon Grepstad har sidan 1996 bygd opp *Den elektroniske bokhylla*, ein nettstad med kring 200 tekstar og 50 forfattaromtalar. Innhaldet på denne nettstaden blei overteke av Nynorsk kultursentrum i november 2002, og dannar grunnstammen i Nettbiblioteket.

## **10. Informasjon**

Nynorsk kultursentrum auka salskostnadene med 27 % frå 486' i 2001 til 617' i 2002. I tillegg brukte vi ganske sikkert meir arbeidstid til informasjon og marknadsføring enn året før. Dette var viktige føresetnader for å nå måla for gjestetal og samla verksemd.

### **10.1 Informasjonsplan**

Styret handsama informasjonsplan nr. 3 vinteren 2002. Administrasjonen har arbeidd med å finne ei tenleg form som gjer planen til ein nyttig reiskap både i det daglege arbeidet og i den langsiktige planlegginga. Dette arbeidet blei ikkje avslutta i 2002.

Det er etablert faste rutinar for informasjon og marknadsføring før kvart arrangement eller andre tilbod:

- Pressemelding med førehandsomtale til lokalmedia (alltid) og til riksmedia ved dei arrangementa der det høver.
- Ein eller to gonger kvar sesong: innbyding til førehands-pressekonferanse.
- Omtale på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)
- Nokre gonger oppfølgjande telefon eller e-post til utvalde redaksjonar.
- Lysingar i lokalavisene i Ørsta og Volda (alltid), nokre gonger også i andre lokalaviser og/eller i Sunnmørsposten.
- Eigenproduserte plakatar i Ørsta/Volda veka før arrangementet. (Fast rutine hausten 2002 – samarbeid med partnarskapsklassen ved Ørsta Ungdomsskule, elles berre ved spesielle høve.)
- Plakatar på inngangsdøra, i resepsjonsområdet og i betongklossen ved vegen.
- Nokre gonger DM med innbyding utsendt etter eigne adresselister.
- Fire siders eigenprodusert programark til utdeling i døra, med program og litt bakgrunnsopplysningar.

Dersom det er journalistar til stades på arrangementet, får dei fritt tilgjenge og høve til å gjere eventuelle intervju med dei medverkande etterpå. Nokre gonger er det også aktuelt å følgje opp dagen etter arrangementet, m.a. med omtale på nettstaden eller med eiga pressemelding. Lokalavisene spør også av og til etter biletene.

Administrasjonen har praktisert open informasjon og svart på alle dei spørsmåla som har kome. Sett i høve til storleiken på institusjonen og aktiviteten

var det også i 2002 etter måten liten pågang frå journalistar med ”gravande” spørsmål om overordna spørsmål kring verksemda. Dette kan kome av at vi sjølve fører ein offensiv informasjonspolitikk, men i ein del høve kan årsaka også vere manglande interesse for våre saker. Tilbakemeldingane frå redaksjonane på korleis dei blir møtte, var gode også i 2002.

## 10.2 Presse og kringkasting

Nynorsk kultursentrum fører ein aktiv informasjonspolitikk med pressemeldingar og annonsar i samband med alle arrangement. Det blei også sendt ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål. I alt sende Nynorsk kultursentrum ut om lag 50 pressemeldingar i 2002. Dei fleste av desse pressemeldingane blei også lagde ut som nyhendemeldingar på nettstaden.

Vi la vekt på å byggje ut kontakten med einskildmedarbeidarar i ein del aktuelle redaksjonar. Dette føreset at journalistane finn det interessant å ha god kontakt med oss. Vi har no låg terskel for gjensidig kontakt i høve til NRK Møre og Romsdal (både radio og fjernsyn), Sunnmørsposten (både lokalkontoret i Volda og kulturredaksjonen i Ålesund), lokalavisene i Ørsta og Volda og studentmedia i Volda. I riksmedia har vi hatt ein del kontakt med redaksjonen i Kulturbeitet i P2, men kontakten med TV2, TV Norge og redaksjonane i Oslo-avisene er framleis for därleg. Det same gjeld for dei store landsdelsavisene.

Pressemeldingar og andre utspel om Festspela viste i liten grad att på redaksjonell plass i riksmedia.

## 10.3 Trykksaker

Den viktigaste nye trykksaken var ein firefargars publikumsbrosyre på norsk, engelsk og tysk, trykt i eit første opplag på 10 000 eksemplar. Reklamebyrået I&M i Ålesund fekk brosjyren ferdig til sommarsessongen. Brosjyren blei m.a. distribuert til lokale turistkontor og overnattingsstader, og blei elles lagd ved i utsendingar av direktereklame og ved andre høve.

Vi gav ut to nummer av meldingsbladet *Symra* i eit samla opplag på 20 000 eksemplar. Nummera kom i januar og september med smånotisar og oversyn over kulturprogrammet. Som i 2001 blei bladet distribuert både etter faste adresselister og til alle husstandane i Ørsta og Volda.

Til Festspela blei det for første gong laga ein enkel faldar med oversyn over programmet og ein del viktige praktiske opplysningar. Faldaren blei distribuert både lokalt og til andre mottakargrupper frå slutten av april i eit opplag på 5000 eks.

Programmagasinet til Festspela var også i 2002 ei eigenprodusert avis på 24 sider i fire fargar. Avisa blei distribuert som istikk i heile opplaget til Sunnmørsposten 13.6. og etter våre eigne adresselister i eit samla opplag på om lag 42 000 eksemplar. Det redaksjonelle arbeidet med programmagasinet krev meir kapasitet enn vi til vanleg har i den faste staben.

Formgivar for avisa og festspelfaldaren var Thomas Lewe, medan Aina Griffin gav form til festspelplakaten med kunstverket "Haust" av festspelkunstnaren Wenche Øyen som motiv. Plakaten blei trykt i 500 eks.

Som for tidlegare år arkiverte vi frå 2002 klipp om eiga verksemد og sentrale målpolitiske spørsmål frå Observer Norge, supplert med redaksjonelle oppslag frå eigne avisabonnement.

#### 10.4 Annonsering

Alle arrangement blei annonserete i lokalavisene i Ørsta og Volda. Sunnmørsposten og nokre av dei andre lokalavisene på Sunnmøre blei også nytta i nokre høve. I tillegg hadde vi nokre lysingar i Dag og Tid.

I 2002 var det eit mål for marknadsføringa av Festspela å nå betre ut over den lokale marknaden enn det vi hadde greidd tidlegare. Vi brukte difor meir midlar på riksannonsering utan at dette gjekk ut over annonseringa regionalt og lokalt.

Sponsoravtalen med Mørebil om reklamebanner på fire av bussane deira ulike stader på Sunnmøre varte vidare i heile 2002.

Vi er med i Ørsta Reiselivslag si marknadsføring av regionen, og hadde både redaksjonell omtale og eigne lysingar i deira trykksaker og brosjyrar. Vi var også med i to-tre nettatalogar med oversyn over museum og/eller kultur-reisemål.

Vi presenterte Ivar Aasen-tunet saman med andre reiselivsbedrifter i Ørsta og Volda på yrkesmessa for 10. klassingar i januar, og under Norsk kulturhelg i Oslo siste helga i april.

Hausten 2002 skreiv vi samarbeidsavtale med Norges Automobilforbund om å vere med i fordelsprogrammet "Show your Card!" ARC Europe Club (NAF og søsterorganisasjonane i Europa) tilbyd medlemmene eit kort som gir rabatt på inngangsbilletten til ein del utvalde reisemål. Hos oss får korteigar og inntil ein ekstra person tilgjenge til utstillingane for honnørpris. Dei samarbeidande bilorganisasjonane i Europa, Nord-Amerika og Asia har 23 millionar medlemmer. Avtalen gjeld i første omgang i eitt år frå januar 2003.

### 11. Besøk

Nynorsk kultursentrums gjester i 2002 var 19 090, mot 18 372 i 2001 og 19 200 i 2000. Dette var 19 % meir enn budsjettet. Det vanlege for slike institusjonar er at gjestetalet fell til det halve året etter opningssesongen. Med like stort besøk i tredje driftsåret som i opningssesongen blei Nynorsk kultursentrums eit unntak frå denne regelen.

6 900 gjesta utstillingane, mens 12 200 var til stades ved arrangement. Utstillingsgjestene utgjorde såleis 36 % av det samla gjestetalet mot 47 % i 2001. Tabell 3 viser fordelinga mellom dei ulike sesongane. Besøket fordeler seg jamnare utover året hos oss enn det som er vanleg i bransjen.

### TABELL 3 Gjestetal i prosent etter sesong

	Vår	Sommar	Haust
2000	—	66	34
2001	31	41	28
2002	24	45	31

Sidan opningssesongen 2000 har Nynorsk kultursentrum til no hatt 56 700 gjester. Interiørarkitekt Gisle Carlsen frå Stavanger blei gjest nr. 50 000 då han kom til Aasen-tunet på Ivar Aasens fødselsdag 5.8.

#### 11.1 Gjesteprofil

I 2002 gjesta om lag 5000 barn og unge tilboda våre. Det vil seie at kvar fjerde gjest høyrde til i denne aldersgruppa. Dette er også profilen over tid. Sett under eitt sidan opninga i 2000 utgjer barn og unge om lag 25 % av det samla gjestetalet.

For tredje året på rad gjennomførte vi ei publikumsundersøking i juli – august. Den viste at 9 av 10 gjester var frå andre kommunar enn Ørsta eller Volda. For første gong var eit fleirtal av gjestene i sommarsesongen bokmålsbrukarar. Publikum var svært godt nøgde med både tun og bygningar, utstillingar og service, og bokmålsbrukarane likte seg like godt som nynorskbrukarane. Alt dette stadfestar tendensane frå tilsvarande undersøkingar i 2000 og 2001: Aasen-tunet er blitt eit nytt reisemål som kryssar grensene innanfor den språkkløyvde norske kulturen.

#### 11.2 Opningstider

Opningstidene har vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei Nynorske Festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene. Frå hausten 2002 tok vi med godt resultat også i bruk laurdagane som arrangementsdagar. Til saman var Ivar Aasen-tunet ope for publikum 1660 timar, om lag som i 2001, med desse opningstidene:

*2. januar – 16. juni og 19. august – 19. desember*

Tysdag – fredag 10–16, søndag 13–18, måndag ope etter avtale

*17. juni – 18. august*

Måndag – fredag 10–17, laurdag og søndag 12– 18

#### 11.3 Billettprisar

Den prismodellen som blei utvikla for opningssesongen, blei ført vidare i 2002. For besøk i utstillingane var det faste prisar heile året, som var uendra frå 2000:

- Vaksne 60,00
- Barn (6–16), honnør, student 30,00
- Familie 125,00

• Grupper (minst 15 personar)	30,00 pr person
• Elevar	20,00 pr person
• Utstillingar i Galleriet	30,00

Under festspela hadde gjester med billett til arrangement fritt tilgjenge til utstillingane same dagen.

Å pris kulturarrangement er vanskeleg fordi publikum ventar at kulturtildot skal vere rimelege. Nynorsk kultursentrum har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar, men at publikum skal få valuta for pengane. Over tid må difor prisane justerast oppover, samstundes som tilbodet også skal romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For arrangement varierte prisane frå 20 til 200 kr. Dei mest brukte billettprisane var 50 og 80.

Under festspela blei prisane justerte noko opp der det var marknadsgrunnlag for det. Publikum kunne løyse samlebillett til nokre arrangement torsdag, laurdag og søndag. Eit rabattkort til kr 300 gav slike rabattar på ordinær billettpris til alle arrangement: kr 100,00 i uteamfiet, kr 30,00 på alle andre arrangement.

To rabattordningar som blei innførte i 2001, var ikkje i bruk i praksis i 2002:

• Årskort utstillingar	225,00
• Sesongkort arrangement	350,00

## 12. Bransjetendensar

På museumskapitlet i statsbudsjettet er Nynorsk kultursentrum ein av 16 nasjonale kulturinstitusjonar der staten dekkjer heile det offentlege driftstilskotet. I 2002 fekk desse 16 institusjonane eit samla statleg tilskot på 155 mill. kr. Av dette gjekk 4,2 % til Nynorsk kultursentrum, mot 3,9 % året før. Den samla løyvinga auka med 4,6 % frå 2001, mot ein auke på 19,9 % frå 2000 til 2001.

Eigeninntektene for dei ulike nasjonale institusjonane varierer mykje. Sett under eitt utgjorde desse 44 % av dei samla inntektene i 2001, mot 26 % for Nynorsk kultursentrum.

Den offisielle museumsstatistikken frå Norsk museumsutvikling ligg føre så seint på året at vi her berre kan rapportere om gjestetal for 2001. På dette punktet var 2001 eit dårleg år for dei nasjonale institusjonane. Dette året gjesta 1 058 000 personar dei nasjonale institusjonane – 9 % mindre enn i 2000.

Ivar Aasen-tunet er den einaste nasjonale kulturinstitusjonen i Møre og Romsdal som er i ordinær drift. Musea i fylket rapporterte om eit samla besøk på 213 000 i 2001. Av desse var 158 000 betalande. I sitt fylke stod Nynorsk kultursentrum for 9 % av det samla gjestetalet ved musea.

Ved dei 29 musea i Møre og Romsdal som rapporterte for 2001, blei det utført til saman 60 lønte årsverk. Nynorsk kultursentrum stod for heile 18 % av dette.

## 13. Administrasjon og miljø

Nynorsk kulturinstitusjon er ein ny institusjon som berre har vore i ordinær drift i tre år. Frå første dag har vi arbeidd med å utvikle og etablere effektive rutinar. Vi har altså ikkje hatt særleg tid til å leggje oss til forelda arbeidsmåtar eller ta på oss arbeidsoppgåver som ikkje heng saman med måla våre. Gode rutinar kan hindre dobbeltarbeid og sikre effektiv drift. Administrasjonen har alt gjort mykje med dette, og arbeidet held fram.

Det omfattande historiske arkivet blei i 2002 supplert med Jostein Nerbøviks arbeidsarkiv frå tida 1990 – 2000. Historia fram til opninga i 2000 er dermed solid dokumentert.

### 13.1 Bygg og anlegg

Nynorsk kultursentrum rår over 5 bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet. Etter initiativ frå Kulturdepartementet i desember 2001 blei i februar 2002 eigedommen Ivar Aasen-tunet med gbr. 56 bnr. 18 overført vederlagsfritt frå Staten til og utan kostnader for Stiftinga Nynorsk kultursentrum.

I spørsmål kring utbetring og vedlikehald har administrasjonen heile tida hatt god kontakt med professor arkitekt Sverre Fehn MNAL.

Grunnarbeidet med å gjere gamlevegen opp i tunet bruketeg for gjestene blei avslutta våren 2002.

Styret vedtok sikringsplan nr. 3 på møte 15.3.2002.

### 13.2 Teknisk drift

Nybygget i Ivar Aasen-tunet er eit komplisert bygg med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn med desse anlegga blei prioritert høgt også i 2002. Det gir over tid billegare og meir stabil drift. Det blei kjøpt inn tenester for reinhald og vakthald.

Nynorsk kultursentrum rår over ein velutstyrt maskinpark av datamaskinar, kopimaskinar, skrivrarar, skannerar m.m. Det meste av utstyret blei kjøpt inn i 2000, og det kom såleis noko vedlikehaldskostnader i 2002. Det dataekniske samarbeidet med Høgskulen i Volda heldt fram i 2002. Samarbeidet inneber tilknyting til datanettverket ved Høgskulen i Volda med 2 MB breiband og full service for datasambandet. Avtale med UNINETT gir oss tilgjenge til det felles høgskule- og universitetsnettverket i Noreg. Jamt over verka desse tilkopplingane bra i 2002.

### 13.3 Arbeidsmiljø

Den omfattande aktiviteten i 2001 utgjorde eit formidabelt press på dei tilsette. Den nye institusjonen har no prova sin eksistensrett og vist ei retning i arbeidet sitt. I 2002 tilsette vi i 2 nye stillingar, og saman med gode langtidsplanar og klare

prioriteringar ut frå dei fastsette måla vil dette gjere det mogleg å redusere det samla arbeidspresset.

Det har ikkje vore nokon skader eller ulykker i meldingsperioden.

Det samla sjukefråværet for fast tilsette utgjorde 8,8 % av den samla arbeidstida i rekneskapsåret, mot 7,6 % i 2001. Årsaka var to langtidssjukmeldingar; den eine blei avslutta i 2002.

Bedriftsfotballaget Ervingane, skipa hausten 2000, har også dette året vore med i bedriftsserien i Volda. Oppmann og nokre av spelarane er tilsette i Nynorsk kultursentrum.

Som ei oppfølging av lokale lønnsforhandlingar i 2001 blei det hausten 2002 fastsett retningslinjer for lokale lønnsforhandlingar i Nynorsk kultursentrum.

I 2002 blei ordning med verneombod innført. Eirik Helleve er vald til verneombod fram til våren 2004.

#### 13.4 Ytre miljø

Verksemda til Nynorsk kultursentrum er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet. Verksemda har ikkje skadd eller påverka det ytre miljøet i 2002. Søppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum har i 2002 ikkje levert produkt som kan skape noko miljøproblem.

### 14. Økonomi og miljø

Nynorsk kultursentrum har no gjennomført den krevjande etableringsfasen med godt økonomisk resultat.

#### 14.1 Investeringar og drift

Forretningsideen til Nynorsk kultursentrum er basert på ei mangslungen verksemde med høg kvalitet som kjennemerke. Det økonomiske resultatet for dei ulike rekneskapsavdelingane – administrasjon, festspel, arrangement, utstillingar, kafé og butikk – var skiftande i 2002, men alle delane av verksemda drog i same retning og bygde opp under kvarandre.

Omsetninga i 2002 var på 8,9 mill. kr., mot 7,7 mill. kr. året før.

Rekneskapen syner eit overskot i 2002 på 82 000 kr etter finansinntekter, mot eit overskot på 84 000 kr. i 2001. Den positive eigenkapitalen er no på 386 000 kr., inkludert ein stiftingskapital på 220 000 kr.

Samla inntekter auka med 1 % i høve til budsjett, medan kostnadene auka med 2 %. Administrasjonen gjennomførte ei stram økonomistyring gjennom heile året.

Tabell 4 syner at eigeninntektene utgjer ein stabil del av samla inntekter, som i tidsrommet 2000 – 2002 har auka frå 6,1 mill. kr. til 8,9 mill. kr. Eigeninntektene utgjer ein vesentleg større del av samla inntekter enn Stortinget føresette då bygging av Ivar Aasen-tunet blei vedteke. Dei offentlege driftstilskota frå fylkeskommune og dei to vertskommunane går til Dei Nynorske Festspela, og utgjorde i 2002 1 % av dei samla inntektene våre. Vi lykkast ikkje i forsøk på å heve dei små løyvingane frå desse instansane i 2002, men arbeider vidare med saka med sikte på 2004 og 2005. Både Volda og Ørsta kommune yter etter vår mening altfor lite til festspela.

**TABELL 4**  
**Eigeninntekter i prosent av samla inntekter**

2000	24
2001	26
2002	24

Etter at billettinntektene auka sterkt i 2001, greidde vi i 2002 å halde inntektene på dette nivået. Særleg kulturprogrammet gir gode inntekter, men dette representerer også den største risikoen.

Lønskostnadene har kvart år sidan opninga utgjort 49 % av samla kostnader. I 2002 kjøpte vi fleire tenester utanfrå enn tidlegare i form av korttidsengasjement til utgreiingsarbeid. Dette gir oss ein ønskjeleg fleksibilitet til å prioritere enkeltoppgåver.

Eit kritisk punkt for nye institusjonar er å ha midlar som kan avsetjast til vedlikehald. Vi gjennomførte dei vedlikehaldstiltaka som budsjettet gav rom for, og som var planlagde. Dette inneber at vi ikkje ligg i forkant, og at det blir vanskelegare i 2003.

I 2002 rusta vi opp amfisalen i nybygget med ekstra lys- og lydutstyr for om lag 120 000. Salen er dermed den beste i sitt slag i mils omkrins.

## 14.2 Samfunnsrekneskap

Nynorsk kultursentrum skapte verdiar for mange i 2002:

- 1 027 000 kr. i skattetrekk og 550 000 kr. i arbeidsgivaravgift, til saman 1 576 000 kr., mot 1,3 mill. kr. i 2001. Dette utgjorde 18 % av samla kostnader i 2002.
- 3,5 mill. kr. i bruttolønn til 124 lønnstakarar i 44 kommunar i 15 fylke. Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum betalt lønn til personar busette i 58 ulike kommunar over heile landet.
- 472 000 kr. i honorar til utøvarar ved kulturarrangement og under Dei Nynorske Festspela, mot 530 000 kr. i 2001.

### 14.3 Sponsoravtalar

I 2002 hadde Nynorsk kultursentrum avtalar med 3 hovudsponsorar og 7 andre sponsorar:

- Hovudsponsorar: Sunnmørsposten, Widerøe og Ørsta Stål.
- Andre sponsorar: Dag og Tid, Landslaget for lokalaviser, Møre og Romsdal Fylkesbåtar, Mørebil og Sparebanken Volda Ørsta.
- Festspelsponsor: Brænne Mineralvatn

Nynorsk kultursentrum takkar sponsorane!

### 14.4 Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på kr 220 000. Denne kapitalen står urørt på renteberande konto i Sparebanken Volda Ørsta.

Likviditeten har vore tilfredsstillande.

Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 2002.

## 15. Disponering av resultat

Årsoverskotet på 82 447 kr. går til å auke eigenkapitalen. Stiftinga har ved årsskiftet ein eigenkapital på 386 318 kr.

*Hovdebygda, 31. desember 2002/28. mars 2003*

Kari Bjørke, *leiar*

Torgeir Dimmen

Geir Atle Ersland

Kristian I. Hanto

Olaug Husabø

Kristine Landmark

Margit Walsø

Ottar Grepstad, *direktør*